

## **Delrapport**

**Kartlegging av skulebibliotek i grunnskule og vidaregåande opplæring**

**Presentasjon av kvantitative data frå spørjeundersøkinga**

**Johan Barstad**  
Ragnar Audunson  
Ellen Hjortsæter

**Møreforsking Volda**  
Høgskolen i Oslo  
Høgskolen i Oslo

**Volda, 31.01.2007**



## Oppsummering

Kartlegginga vart gjennomført som spørjegransking til alle grunnskular og vidaregåande skular i Noreg i perioden 5. september til 14. oktober 2006-12-18

- Fekk svar frå i alt 51 % av skulane som mottok spørjeskjemaet. Dette gav i alt 5214 svar (993 skulebibliotekansvarlege, 919 skuleleiarar, 1315 lærarar og 1946 elevar)
- Alle fylka var representerte. Samanlikna med reell fordeling av skulane i Noreg låg svara våre innan relevante feilmargar (+/- 2% avvik frå reell fordeling)
- Vi fekk svar frå skular i 85 % av kommunane i Noreg
- 33 % av svara kom frå skular i bykommunar (avgrensa ut frå kommunenummer), reell del i Noreg er 32,8%
- Av svara kom 86 % frå grunnskular (reell del av skulane i Noreg er 88 %), og fordelinga på kombinerte grunnskular, reine barneskular og reine ungdomsskular var også i tråd med den reelle fordelinga.
- Av svara våre kom 16 % frå skular med mindre enn 50 elevar og 33 % frå skular med meir enn 300 elevar. Reelle tal for dette er 19 % og 26 %. Dette viser at vi hadde ein viss overrepresentasjon av dei største og underrepresentasjon av dei minste skulane. Vi hadde venta dette, ut frå gjennomføringsmetoden (utsending og svar via e-post/Internett).

### **Kort om viktige funn**

#### **Skulebiblioteket**

Vel 98 % av skulane hadde ei form for skulebibliotek. I grunnskulen svara 87 % at dei hadde eige skulebibliotek. 11 % hadde ei form for kombinasjonsbibliotek med folkebiblioteket i kommunen. I vidaregåande var tilsvarande tal 95 og 4 prosent. Dette representere berre lita endring frå ei tilsvarande granskinga som vart gjort i 1997, også då svara 2 % av grunnskulane at elevane ikkje hadde tilgang til skulebibliotek.

I 78 % av grunnskulane hadde skulebiblioteket eigne lokale eller var integrert i skulen sine fellesareal. 16 % svara at skulebiblioteket var lagt til rom som også vart nytta som klasserom – denne prosenten var 40 i 1997-granskinga.

Få av bibliotekarane i vidaregåande har andre oppgåver enn å vere skulebibliotekar. For grunnskulen er det å vere skulebibliotekar ei oppgåve dei ofte har i tillegg til andre oppgåver. I vidaregåande er det 80 % av skulane som svarar at skulebibliotekansvarleg ikkje har andre oppgåver, i grunnskulen er dette 18%. Om ein har oppgåver i tillegg, så er dette i all hovudsak å vere lærar (17 % i vidaregåande og 70 % i grunnskulen).

Vi ser same skiljet når det gjeld skulebibliotekansvarleg sin utdanningsbakgrunn. 55 % av dei bibliotekansvarlege i vidaregåande er fagutdanna bibliotekarar og 4 % er fagutdanna bibliotekarar med tilleggsutdanning innan pedagogikk. I grunnskulen er tilsvarande tal 9 og 2 %. På den andre sida ser vi at 23 % av lærarane i grunnskulen har bibliotekfagleg tilleggsutdanning av minst eit halvt års lengde (anten bibliotek- og informasjonsfag eller

skulebibliotek kunnskap). Dette gjer at det i alt er 34 % av dei bibliotekansvarlege som har bibliotekfagleg kompetanse å støtte seg på i arbeidet sitt. I 1997 var det i alt 38 % som hadde bibliotekfagleg kompetanse, men i dette talet var det også inkludert kortare kurs (mindre enn ½-års varigheit). Tala er difor ikkje direkte samanliknbare. Om vi ser på dei samanliknbare kategoriane, er det skjedd ein auke frå 1997 til 2006 for fagutdanna bibliotekarar både med og utan pedagogisk tilleggsutdanning.

Som vi kunne vente er det dei minste biblioteka som i minst grad rår over fagutdanna personale.

75 % av grunnskulane (66 % i -97) og 86 % av dei vidaregåande held biblioteket ope heile skuledagen eller lenger. 26 % av grunnskulane og 76 % av dei vidaregåande har ein samla personalressurs på meir enn 7 timar knytt til biblioteket. For grunnskulen var tilsvarende tal i -97 12 %. Dette viser at skulebiblioteka både er blitt meir tilgjengelege (lenger opningstid) og har fått meir personalressursar sidan 1997. For grunnskulen, der vi kan samanlikne, viser våre tal at personalressursen er meir enn dobla. Om vi ser på kommentarar vi har fått inn knytt til spørjegranskinga, så ser vi der at personale og opningstid er to av dei faktorane som oftast vart trekt fram som grunnlag for å kunne ha gode skulebibliotektilbod. Ut frå dette ser det ut til at utviklinga har gått i rett lei.

### **Skulebiblioteket som deltakar i planlegginga ved skulen**

Bibliotekansvarleg og skuleleiarar gav tilbakemelding om at 30 % av skulane hadde utarbeidd eigen plan for biblioteket, medan 23 % av lærarane som sa det same. Dette var eit gjennomgåande trekk i materialet: på spørsmål som gjeld deltaking inn i planleggings- og utviklingsarbeid ser vi generelt at lærarane i mindre grad enn dei andre to kategoriane svarar stadfestande. Vi viser eit døme på dette frå grunnskulen:

- Om skuleeigar hadde kalla inn til møte der skulebibliotek var tema: 33% av skuleleiarane og 19 % av dei skulebibliotekansvarlege svara ja, mot 12 % av lærarane

Dette tyder på at det er skilje mellom aktørane i kva grad dei deltak og har kjennskap til kva som skjer t.d. på planleggingssida. Vellukka planprosessar krev at aktørane i størst muleg grad er orientert om kva som skjer, kva som skal skje og kvifor, for å ha høve til reell medverknad. Om dette vi her ser er tilfelle tyder det på at ikkje alle relevante aktørar er trekt godt nok inn i spørsmål som gjeld skulebiblioteket.

I alt 54 % svara at skulebiblioteket er integrert i skulen sitt planarbeid. Dette varierer frå 68 % for skuleleiarane, 51 % for skulebibliotekarane og 43 % for lærarane.

For dei som svara at skulebiblioteket er integrert i planarbeidet, svara 71 % i grunnskulen og 84 % i vidaregåande at skulebibliotekansvarleg deltek i planarbeidet som representant for biblioteket. Av desse var det berre 21 respektive 25 prosent som svara at skulebibliotekansvarleg alltid deltok i dette arbeidet.

### *Gi rom for lesing*

72 % av skuleleiarane i grunnskulen svara at ein har drøfta korleis skulen skal forhalde seg til dei tiltaka som gjeld skulebiblioteket i "Gi rom for lesing". Tilsvarende tal for skulebibliotekansvarlege og lærarar var 45 %. Vi ser same tendens i vidaregåande, der er

nivået lågare (25 % av skuleleiarane, 20 % av lærarane – og ingen av skulebibliotekarane svarar stadfestande på dette).

Det rår såleis ulike oppfatningar om planleggings- og utviklingsarbeidet i forhold til skulebiblioteket. Det kan sjå ut til at det ikkje er fullgod informasjon til alle grupper om kva som skjer og at det som skjer også kan bli tolka ulikt.

## **Lærarane – bruk av skulebiblioteket i undervisninga**

Heile 89 % av lærarane i grunnskulen brukar skulebiblioteket i førebuinga av undervisninga, 25 % brukar det ofte, 54 % av og til. Tala for vidaregåande er tilsvarende 18 % og 61 %. M.a.o. er det vanleg blant lærarane å bruke biblioteket i førebuingane.

Ser vi nærare på dette kjem det fram at dette oftast betyr å samarbeide med personalet om å finne bakgrunnsstoff, nesten aldri at ein samarbeider med bibliotekpersonalet om det pedagogiske opplegget.

Ein oppmodar elevane om å bruke biblioteket. I grunnskulen gjeld dette særleg i tema- og prosjektarbeid (82 %), lesing av skjønnlitteratur (81%) og for å øve opp lesedugleik (74 %). I vidaregåande er det tema- og prosjektarbeid som dominerer (89 %). I forhold til å bruke biblioteket for å lære data /IKT er det ikkje så vanleg med slike oppmodingar korkje i grunnskulen eller i vidaregåande. Tala er her høvesvis 18 og 14 prosent for grunnskule og for vidaregåande.

## **Opplæring i bruk av skulebiblioteket**

Ved ca 75% av skulane svarar ein at elevane får tilbod om praktisk opplæring i å bruke skulebiblioteket. Denne opplæringa består i hovudsak av (i rangert rekkefølge) opplæring i å velje ut relevant informasjon, i å søke etter informasjon og å bruke informasjonen inn i elevane sitt arbeid.

Ansvar for denne opplæringa er delt mellom lærarane og dei skulebibliotekansvarlege. I vidaregåande er dette i hovudsak bibliotekaren sitt ansvar, i grunnskulen lærarane sitt (og då gjeld dette lærarar som ikkje samstundes er skulebibliotekansvarlege).

33 % i 2006 mot 17 % i 1997 svara at opplæring i bruk av skulebiblioteket er ein integrert og systematisk del av undervisninga (grunnskule), 15 % (10 % i -97) svarar at det vert halde eigne bibliotekkurs og 46 % (62 % i -97) at opplæring skjer på meir tilfeldig grunnlag. Dette tyder på at det har skjedd ei utvikling i retning av at det no vert satsa meir systematisk på opplæring.

## **Elevane**

Elevane flest brukar biblioteket ein gong i veka eller oftare. For grunnskule er tala 72 %, for vidaregåande 65 %. Det er fleire i vidaregåande enn i grunnskule som brukar skulebiblioteket sjeldnare enn ein gong i månaden (17 mot 10 %).

Dei som brukar biblioteket ein gong i månaden eller oftare svarar at dei mest brukar det til å finne godt lesestoff, til å lese bøker, til skularbeid og til å treffe vener (grunnskule). I vidaregåande opplæring er den hyppigaste bruken knytt til skularbeid, bruk av Internett, leksearbeid og bruk av diverse praktisk utstyr som står på biblioteket (kopimaskin o.l.)

Dei som ikkje/sjeldan brukar biblioteket (i grunnskulen) svarar at dei ikkje gjer dette for di dei finn den informasjon dei treng heime eller andre stader, fordi det er betre å bruke folkebiblioteket, for di læraren aldri tek dei med dit eller for di dei ikkje har tid til å gå dit. Det er svært få som har noko å utsetje på det ”praktiske” kring skulebiblioteket: det er ikkje for tungvint å kome seg dit, det er ikkje slik at lokala har for kort opningstid og det er heller ikkje slik at dei finn lokala utrivelege eller lite hyggelege.

Dette tyder på at det å ikkje bruke biblioteket ser ut til å vere eit val, i stor grad bestemt av om ein kjenner behov for å bruke skulebiblioteket i det daglege arbeidet.

For vidaregåande skule er det mykje same grunngevingane, men her kan vi sjå at alternativa ”likar ikkje å lese” og ”treff ingen av venene mine der” også skårar høgt som forklaring på manglande bruk.

På spørsmål om korleis ein har brukt bibliotekaren, svarar elevane oftast at ein har brukt han eller henne til å vise kvar ting står på hyllene, til å finne stoff om spesielle emne – men også (særleg vidaregåande) til å få hjelp slik at ein sjølv er i stand til å finne fram stoff om spesielle emne.

## **Internett**

Kring 8 % av lærarane (elevane har same prosentdel her) svarar at skulebiblioteket ikkje er kopla til Internett. Her har det skjedd ei stor endring sidan granskinga i -97, då tilsvarande tal var 89 % for grunnskulen. Men vi ser frå same granskinga at 1/3 hadde planar om slik tilknytning innan to år og ytterligare 40 % innan rimeleg tid. Dette tyder på at skulane/biblioteka langt på veg har greidd å følge sine ”opptrappingsplanar”.

Både lærarane og elevane svarar at elevane brukar Internettet til generell informasjonshenting og i tema- og prosjektarbeid. Vi kan sjå at det blant lærarane er noko større tru på at elevane brukar Internett til å søke i katalogar og oppslagsverk og til privat informasjonssøking enn det elevane sjølve svarar.

På spørsmål om kva hjelperåder dei ville bruke som kjelder til prosjektoppgåver, svara eit fleirtal av elevane at dei ville bruke Google eller liknande søkemotorar (ca 65 %). Tradisjonelle oppslagsverk, hjelp frå vaksne vert trekt fram av ca 15 % for kvar. Skolenettet.no og bibliotekets katalogar vert nesten ikkje nemnt i det heile.

## **Litt om korleis situasjonen ”er” samanlikna med korleis den ”burde vere”.**

Vi hadde ein spørsmålssekvens til skuleleiarar og skulebibliotekansvarlege, der dei vart bedne svare på i kor stor grad ein faktisk legg vekt på ulike oppgåver. Deretter vart lærarane

utfordra på å svare på i kor stor grad dei såg på desse oppgåvene som viktige. Vi viser her svar frå grunnskulen:

- både bibliotekar/rektor og lærarane var samde i vektlegginga av administrative oppgåver og bok- og medieval. For baae gruppene var det her mellom 78 og 95 % svara at dette i stor/svært stor grad er viktige oppgåver.
- 88 % av lærarane mot 51 % av bibliotekarar/rektorar meiner det i høg/svært høg grad er viktig at det vert samarbeidd med lærarane om å bruke biblioteket som læringsarena.
- 82 mot 50 % meiner det same om å drive litteraturformidling og stimulere til leselyst.
- 67 mot 31 % meiner det same om å drive rettleiing i bruk av informasjonskjelder.
- 42 mot 25 % meiner det same om det at bibliotekaren skal vere deltakar i pedagogiske team og undervisning.

Det er såleis eit klart ønske frå lærarane om at biblioteket i større grad enn i dag skal kunne engasjere og involvere seg også ut over dei ”tradisjonelle” bibliotekoppgåvene (administrasjon, bokval).

## **Litt om kva det å ha plan betyr for biblioteket**

Ein skulle kanskje tru at det var faktorar som skulestorleik, bibliotekaren sin faglege kompetanse, personalressursen og opningstida som ville vere dei sentrale faktorane for å forklare i kva grad ein brukte og kjende nytte av biblioteket. I denne granskinga har vi i tillegg sett på kva det å ha plan for arbeidet har å bety. Vi nytta spørsmålet om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket som uavhengig variabel, og testa ut fordelinga på nokre sentrale faktorar etter dette.

### *Skulebiblioteket sitt tilbod på enkelte fagområde (grunnskule)*

Vi ser at det gjennomgåande er slik at dei skulane som har eigen plan for skulebiblioteket også er meir nøgde med tilbodet på desse områda, i snitt kring 15 % høgare skåre om ein har slik plan

- Skjønnlitteratur (69 mot 51 %)
- Lettlestbøker (62 mot 48 %)
- Oppslagsverk (61 mot 49 %)
- Fagbøker (55 mot 43 %)

### *Om påstandane om kva skulebiblioteket bidreg til (grunnskule)*

- 74 med plan mot 58 % utan plan meiner skulebiblioteket bidreg til å fremme leseglede og stimulere til fritidslesing
- 58 mot 38 % som meiner skulebiblioteket har ein sentral plass i skulen si opplæring
- 57 mot 42 % som meiner skulebiblioteket stimulerer elevane til å innhente informasjon sjølve

### *Systematisk satsing på opplæring i bruk av skulebiblioteket (grunnskule):*

- 46 % frå skular som har plan for biblioteket svarar at det vert gjeve integreert og systematisk opplæring mot 29 % for dei som ikkje har slik plan

### *I kva grad inneheld opplæringa (vidaregåande):*

- Identifisering av eige informasjonsbehov (43 mot 29 %)

- Søking etter informasjon (i katalogar/databasar/oppslagsverk o.l.) (55 mot 29 %)
- Vurdering av den informasjonen ein finn fram til (52 mot 17 %)
- Velje ut relevant informasjon (56 mot 43 %)
- Nyttiggjere seg og bruke den i løysing av (arbeids-)oppgåvene (53 mot 33 %)

Vi har her kontrollert for skulestorleik og fagutdanning. Det viser seg då at det helst er i dei minste skulane, med lågast grad av fagutdanna personale, som har størst nytte av eiga plan for biblioteket.



## Innholdsliste

Oppsummering .....	3
Kort om viktige funn .....	3
Skulebiblioteket .....	3
Skulebiblioteket som deltakar i planlegginga ved skulen .....	4
Lærarane – bruk av skulebiblioteket i undervisninga .....	5
Opplæring i bruk av skulebiblioteket .....	5
Elevane .....	5
Internett .....	6
Litt om korleis situasjonen ”er” samanlikna med korleis den ”burde vere” .....	6
Litt om kva det å ha plan betyr for biblioteket .....	7
Innholdsliste .....	9
Figurliste .....	12
Tabelliste .....	16
Tabelliste .....	16
Metode .....	19
Utvikling av spørjeskjemaet .....	19
Utseljing av respondentar .....	19
Respondentgrupper .....	19
Strukturering av spørjeskjemaet .....	20
Gjennomføring av datainnsamlinga .....	20
Utfordringar knytt til gjennomføringa .....	21
Svarprosent m.m. ....	21
Andre datakjelder .....	23
Innleiing om skulane .....	25
Fylkesvis fordeling .....	25
Kommunerepresentasjon .....	26
Fordeling på lokalnivå (kommune- og bydel) .....	26
Skuletype .....	28
Skulestorleik .....	29
Andel framandspråklege elevar .....	31
Om svararane .....	33
Funksjon på skulen .....	33
Funksjon etter skulestorleik .....	33
Årstrinn .....	35
Grunnskulen .....	35
Vidaregåande skule .....	35
Kjønn .....	37
Alder .....	38
Meir om karakteristika ved svararane .....	39
Skulebibliotekansvarleg .....	39
Utdanningsbakgrunn .....	39
Har kvinnelege og mannlege skulebibliotekansvarlege ulik utdanningsbakgrunn? .....	40
Skulebibliotekansvarleg og/eller noko meir? .....	41
Andre funksjonar og skulestorleik .....	41
Kor lenge vore ansvarleg for skulebiblioteket .....	41
Personalressurs .....	42
Er det fleire tilsette ved biblioteket? .....	42
Korleis vert bemanninga løyst om ein ikkje har fast stilling som bibliotekar .....	43

Skuleleiarane .....	44
Utdanningsbakgrunn.....	44
Kor lenge har du vore skuleleiar ved den skulen du no leier?.....	44
Lærarane .....	46
Utdanningsbakgrunn.....	46
Tenestetid som lærar.....	46
Fast eller mellombels tilsetjing.....	47
Biblioteket i skulen.....	49
Er det skulebibliotek på skulen?.....	49
Om skulebiblioteklokala.....	51
Opningstider ved skulebiblioteket.....	51
Tilgjengeleg personalressurs .....	53
Gi rom for lesing .....	54
Korleis brukar lærarane skulebiblioteket?.....	57
Brukar du skulebiblioteket i førebuingane til undervisninga? .....	57
Korleis vert skulebibliotekressursen brukt av lærarane?.....	57
Bruk i dei enkelte faga.....	60
Grunnskulen .....	61
Vidaregåande.....	61
Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket? .....	63
Fordelt etter alder: .....	64
Fordelt etter geografi (grunnskule).....	65
Fordelt etter geografi (Vidaregåande) .....	65
Kva inneheld opplæringa?.....	66
Kven har ansvar for å rettleie elevane når dei brukar skulebiblioteket i sitt læringsarbeid?.....	67
Elevane om sitt bruk av skulebiblioteket.....	69
Kor ofte besøker du biblioteket? .....	69
Skulestorleik .....	69
Kjønn .....	69
Fordelt etter årstrinn: .....	70
Kva brukar elevane biblioteket til?.....	71
Fordelt på skuleslag og kjønn:.....	71
Kva brukar du biblioteket til i skulearbeidet? .....	72
Fordelt etter kjønn .....	72
Kvifor vel elevar å ikkje bruke biblioteket?.....	74
Grunnskulen .....	74
Vidaregåande:.....	76
Ber du bibliotekaren om hjelp til å finne det du er ute etter på biblioteket? .....	79
Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? .....	80
Bruk av Internett i skulebiblioteka .....	82
Nærare om skulebibliotekaren sine oppgåver .....	84
Kva læremiddel omfattar skulebiblioteket si samling? .....	88
Korleis vil du karakterisere skulebiblioteket sitt tilbod?.....	89
Tema- og prosjektarbeid.....	92
Kva inneheld brukaropplæringa? .....	92
Identifisere behov (Figur 70).....	93
Finne informasjon (Figur 71) .....	93
Velje ut informasjon (Figur 72).....	95
Vurdere kvalitet og i kva grad den er eigna ("egnetheit") (Figur 73) .....	95
Korleis ein kan ta informasjonen aktivt i bruk (Figur 74).....	95

Korleis situasjonen ”er” samanlikna med korleis den ”burde vere” .....	97
Tilbod om opplæring i å bruke skulebiblioteket.....	99
Integrering av skulebiblioteket i den einskilde skule sine planar .....	101
Kunnskapsløftet – dei fem dugleikar.....	105
Å kunne uttrykke seg munnleg (Figur 75) .....	105
Å kunne lese (Figur 76).....	106
Å kunne rekne (Figur 77) .....	106
Å kunne uttrykkje seg skriftleg (Figur 78).....	107
Å kunne bruke digitale media (Figur 79) .....	107
Er skulebiblioteket med å utvikle dei grunnleggjande dugleikane? .....	109
Skulebiblioteket i skulane sitt planleggings- og utviklingsarbeid.....	111
Grunnskule .....	111
Vidaregåande skule .....	114
Oppsummering om planar og skuleeigar i relasjon til biblioteket .....	117
Om det å ha plan har innverknad? .....	119
Påstandar om skulebiblioteket (fysiske aspekt).....	119
Påstandar om kvalitative aspekt ved skulebiblioteket .....	120
Påstandar om tilbodet ved skulebiblioteket.....	121
Påstandar om skulebibliotekfunksjonen .....	121
Får elevane opplæring i bruk av skulebiblioteket?.....	123
Litteratur, eksterne datakjelder og referansar .....	125
Vedlegg: Spørjeskjema.....	127

## Figurliste

Figur 2	Oversikt over prosent av kommunane i kvart fylke som er representerte i utvalet. Prosent .....	26
Figur 3	Svarfordeling etter skulestorleik. Prosent.....	30
Figur 4	Kor stor er andelen framandspråklege elevar ved dykkar skule. Fordelt på skuleslag. Prosent. N = 3159 (Bibliotekansvarlege, leiarar og lærarar).....	31
Figur 5	Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt på grunnskule og vidaregåande skule. Prosent.....	33
Figur 6	Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt etter skulestorleik (tal elevar). Grunnskule, prosent.....	34
Figur 7	Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt etter skulestorleik (tal elevar). Grunnskule, prosent.....	34
Figur 8	Kva programområde er du elev ved? Svar frå elevar i vidaregåande skule. Absolutte tal .....	36
Figur 9	Svarfordeling etter funksjon og skuleslag. Prosent .....	37
Figur 10	Aldersfordeling fordelt etter aldersgrupper. Vist for tilsette fordelt på skuleslag. Prosent .....	38
Figur 13	Utdanningsbakgrunn, skulebibliotekansvarleg. Tal i prosent. Grunnskule 1997 og 2006, vidaregåande 2006.....	39
Figur 14	Kva er din utdanningsbakgrunn? Vist for skuleleiarane, prosent.....	44
Figur 15	Kva er din utdanningsbakgrunn? Lærarar, prosent .....	46
Figur 11	Kor lenge held skulebiblioteket ope? Fordelt på skuleslag, prosent. ....	52
Figur 12	Kor mange timar per veke utgjer den samla personalressurs sett av til skulebibliotekarbeid? Grunnskule 1997 og 2006, vidaregåande skule 2006, prosent. ....	53
Figur 27	Har det blitt diskutert korleis skulen skal forhalde seg til dei tiltaka som gjeld skulebibliotek i forbindelse med tiltaksplanen "Gi rom for lesing"? Fordelt etter skuleslag og funksjon. Prosent .....	54
Figur 28	Kva område i "Gi rom for lesing" har blitt følgt opp. Fordelt på skuleslag. Prosent.. ..	55
Figur 29	I kva grad nyttar du deg av biblioteket sine ressursar på eiga hand? Vist for dei som svara "ofte" og "av og til" Lærarar i alt, prosent .....	58
Figur 30	I kva grad samarbeider du med bibliotekpersonalet om å finne bakgrunnsstoff? Vist for dei som svara "ofte" og "av og til" Lærarar i alt, prosent.....	59
Figur 31	I kva grad samarbeider du med bibliotekpersonalet om planlegging av det pedagogiske opplegget? Vist for dei som svara "ofte" og "av og til" Lærarar i alt, prosent .....	60
Figur 32	I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Grunnskule.....	60
Figur 33	I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Vidaregåande .....	61
Figur 34	I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Vidaregåande, programområde og utdanningsprogram .....	62
Figur 35	Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar? Svar frå lærarar, prosent .....	64
Figur 36	I kva grad inneheldt opplæringa eitt/fleire av desse elementa? Vist for lærarar i grunnskule og vidaregåande, Prosent som svara svært stor/stor grad. ....	66
Figur 37	Kven har ansvar for å rettleie elevane når dei brukar skulebiblioteket i sitt læringsarbeid? Vist for lærarar i grunnskule og vidaregåande. Prosent.....	67

Figur 38	Kor ofte besøker du skulebiblioteket? Vist for elevar frå grunnskule og vidaregåande. Prosent.....	69
Figur 39	Kor ofte besøker du skulebiblioteket. Prosentdel som svara ein gong i veka eller oftare. Fordelt etter kommunedel og -type.....	70
Figur 40	Når du er på biblioteket, i kva grad brukar du tid på desse aktivitetane?.....	71
Figur 41	Kva brukar du biblioteket til i skularbeidet? Elevar i grunnskulen.....	72
Figur 42	Kva brukar du biblioteket til i skularbeidet? Elevar i vidaregåande skule.....	73
Figur 43	I kva grad er du samd i at følgjande faktorar forklarar at du sjeldan brukar biblioteket? Grunnskule.....	74
Figur 44	Det er for lite utval i bøker og blad. Svar frå elevar i grunnskulen.....	75
Figur 45	Det er mykje betre å bruke folkebiblioteket. Svar frå elevar i grunnskulen.....	75
Figur 46	I kva grad er du samd i at følgjande faktorar forklarar at du sjeldan brukar biblioteket? Vidaregåande skule.....	76
Figur 47	Eg finn den informasjon eg treng heime eller andre stader.....	77
Figur 48	Eg likar ikkje å lese.....	77
Figur 49	Eg treff ingen av venene mine der.....	78
Figur 50	Det er vanskeleg å finne fram til det eg treng.....	78
Figur 51	Ber du bibliotekaren om hjelp til å finne det du er ute etter på biblioteket? Fordelt på grunnskule og vidaregåande. Prosent.....	79
Figur 52	Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Elevar i grunnskule og vidaregåande skule. Prosent som svara 'Ja'.....	80
Figur 53	Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Fordelt på kjønn Elevar i grunnskule. Prosent som svara 'Ja'.....	81
Figur 54	Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Fordelt på kjønn. Elevar i vidaregåande skule. Prosent som svara 'Ja'.....	81
Figur 55	Kva brukar elevane Internett til. Svar frå alle respondentar, fordelt på tilsette og elevar. Prosent.....	82
Figur 56	Tenk deg at du skal finne informasjon til en konkret prosjektoppgåve. Kva av følgjande kjeder vil du først bruke? Svar frå elevar i grunnskule og vidaregåande. Tal svar.....	83
Figur 57	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg administrering og organisering av skulebiblioteket til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	84
Figur 58	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg bok og medieal til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	85
Figur 59	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å drive rettleiing i bruk av informasjonsskjelder til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	85
Figur 60	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å drive litteraturformidling og stimulering av leselyst til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	86
Figur 61	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg det å samarbeide med lærarane om å bruke biblioteket som læringsarena til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	87
Figur 62	Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å vere deltakar i undervisning og pedagogiske team til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.....	87
Figur 63	Kva læremiddel omfattar biblioteket si samling. Viser svarfordeling på skuleslag. Prosent.....	88

Figur 64	Korleis vil du karakterisere skolebibliotekets tilbod innan dei følgjande kategoriane. Vist for alle svar samla (frå tilsette) fordelt på skuleslag .....	89
Figur 65	Korleis vil du karakterisere biblioteket sitt tilbod innan følgjande fagområde? Vist for faga i grunnskulen. Samla for skulebibliotekansvarlege, skuleleiarar og lærarar. ....	90
Figur 66	Korleis vil du karakterisere biblioteket sitt tilbod innan følgjande fagområde? Vist for faga i vidaregåande skule. Svar frå skulebibliotekansvarlege, skuleleiarar og lærarar. ....	91
Figur 69	Tema/prosjektarbeid og tverrfaglege emne er lagt vekt på i læreplanen. I kva grad vil du seie at brukaropplæringa er ein ressurs for denne type arbeid? Fordelt på skuleslag, prosent. ....	92
Figur 70	Kva inneheld denne brukaropplæringa? Identifisere behov. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent .....	93
Figur 71	Kva inneheld denne brukaropplæringa? Finne informasjon. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent .....	94
Figur 72	Kva inneheld denne brukaropplæringa? Finne informasjon. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent .....	94
Figur 73	Kva inneheld denne brukaropplæringa? Vurdere kvalitet og kor godt den høver. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent .....	95
Figur 74	Kva inneheld denne brukaropplæringa? Korleis ta informasjonen i bruk. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent .....	96
Figur 80	Samanlikning av korleis skulebibliotekansvarleg/skuleleiar svarar at situasjonen er med korleis lærarane svarar at situasjonen burde vere. Grunnskule. Prosent som svara svært stor/stor grad. ....	97
Figur 81	Samanlikning av korleis skulebibliotekansvarleg/skuleleiar svarar at situasjonen er med korleis lærarane svarar at situasjonen burde vere. Grunnskule. Prosent .....	98
Figur 68	Kven er ansvarleg for å lære elevane opp i å bruke skulebiblioteket? Vist for skuleslag, prosent. ....	99
Figur 67	Får elevane tilbod om opplæring i bruk av skulebiblioteket? Vist for skuleslag og stilling. Prosent .....	99
Figur 25	Er skulebiblioteket si verksemd integrert i skulen sitt planarbeid. Fordelt på funksjon (stilling) og skuleslag. Prosent .....	101
Figur 26	Dersom skulebiblioteket si verksemd er integrert i skulen sitt planarbeid, deltek skulebibliotekansvarleg i planarbeidet som representant for skulebiblioteket? Fordelt på skuleslag og funksjon (stilling). Prosent .....	102
Figur 75	I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å uttrykkje seg munnleg. Fordelt på skuleslag og funksjon .....	105
Figur 76	I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne lese. Fordelt på skuleslag og funksjon .....	106
Figur 77	I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon .....	107
Figur 78	I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon. Prosent .....	108
Figur 79	I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon. Prosent .....	108
Figur 16	Har skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka? Fordelt etter funksjon, grunnskulen. Prosent .....	111
Figur 17	Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema?. Fordelt etter funksjon, grunnskule. ....	112

Figur 18	Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema? Fordelt etter skulestorleik, grunnskule. Prosent .....	112
Figur 19	Har skuleeigar arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen? Fordelt etter funksjon, grunnskule.....	113
Figur 20	Har dei skulebibliotekansvarlege i kommunen eit eige forum? Fordelt etter funksjon, grunnskule .....	113
Figur 21	Har skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka? Fordelt etter funksjon, vidaregåande .....	114
Figur 22	Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema? Fordelt etter funksjon, vidaregåande .....	115
Figur 23	Har skuleeigar arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen? Fordelt etter funksjon, vidaregåande .....	116
Figur 24	Har dei skulebibliotekansvarlege i fylket eit eige forum? Fordelt etter funksjon, vidaregåande.....	116
Figur 82	I kva grad er du samd i følgjande påstandar om skulebiblioteket på din skule. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket. prosent som svara "I svært stor/stor grad" .....	119
Figur 83	I kva grad er du samd i følgjande påstandar om skulebiblioteket på din skule. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svara "I svært stor/stor grad" .....	120
Figur 84	Korleis vil du karakterisere skulebiblioteket sitt tilbod innan desse kategoriane. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svarte "Svært godt/godt" .....	121
Figur 85	I kva grad meiner du at følgjande påstandar passar for skulebibliotekfunksjonen ved dykkar skule? . Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svarte "I svært stor/ stor grad" .....	122
Figur 86	Får elevane tilbod om opplæring i bruk av skulebiblioteket? Fordelt etter om skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka eller ikkje. Prosent.....	123

## Tabelliste

Tabell 1	Oversikt over tal på utsendingar, fråfall og innkomne svar .....	22
Tabell 2	Svarfordeling etter funksjon (stilling). Absolutte tal ut frå tal skular som har svart. .....	22
Tabell 3	Oversikt over tal på svar i alt og tal på skular fordelt fylkesvis. Absolutte tal og prosentar. ....	25
Tabell 4	Svarfordeling etter tal kommunar frå kvart fylke. Rangert etter svarprosent.....	27
Tabell 5	Kva kommune/kommunedel ligg skulen i? Vist for alle som har svara og fordelt på tal skular som har svart.....	27
Tabell 6	Fordeling av skular på by- og landkommunar. Fordelt etter førstesiffer i kommunenummeret. Grunnskular i Noreg og grunnskular og vidaregåande skular i granskinga. Vist i prosent.....	28
Tabell 7	Skular som svarte. Fordelt etter skuleslag og skuletype. Tal og prosent .....	29
Tabell 8	Skulestorleik. Samanlikning av fordeling på storleiksgrupper. Grunnskular i Noreg og grunnskular som svarte på granskinga. Prosent .....	30
Tabell 9	Oversikt over fordeling på årstrinn etter skuletype, grunnskulen. Elevsvar .....	35
Tabell 10	Oversikt over fordeling av elevsvar på årstrinn etter skuletype, vidaregåande skule .....	35
Tabell 11	Aldersfordeling, vaksne svararar. Gjennomsnittsverdiar, tal for standardavvik i parentes.....	38
Tabell 16	Er du tilsett på heiltid eller på deltid? Skulebibliotekansvarleg, prosent .....	40
Tabell 17	Skulebibliotekansvarleg sin utdanningsbakgrunn. Fordelt på skuleslag og kjønn. Absolutte tal og prosent.....	40
Tabell 18	Har du, i tillegg til å vere skulebibliotekansvarleg, også andre funksjonar på skulen? Fordelt etter skulestorleik. Grunnskule, prosent .....	41
Tabell 19	Kor lenge har du vore ansvarleg for skulebiblioteket? Tal i % .....	41
Tabell 20	Kor stor stillingsprosent har du som skulebibliotekansvarleg? Prosent.....	42
Tabell 22	Er det fleire enn deg sjølv som arbeider ved skulebiblioteket? Prosent.....	42
Tabell 23	Om funksjonen som skulebibliotekansvarleg ikkje er lagt fast til di stilling, korleis vert då stillinga dekt opp? Prosent.....	43
Tabell 24	Kor lenge har du vore tilsett som skuleleiar ved din skule? Prosent.....	44
Tabell 25	Kor lenge har du vore tilsett som lærar? Prosent .....	46
Tabell 26	Er du fast eller mellombels tilsett? Prosent .....	47
Tabell 12	Har skulen eige skulebibliotek? Absolutte tal og prosentar .....	49
Tabell 13	Har skulen eige skulebibliotek? Fordelt etter skulestorleik. Prosent .....	50
Tabell 14	Korleis er skulebiblioteket integrert i skulen sitt fysiske miljø? Fordelt etter skuleslag og funksjon. Prosent .....	51
Tabell 15	Kor stor del av skuledagen held de ope? Svar frå skulebibliotekansvarlege og skuleleiarar, fordelt på skuleslag og samanlikna med granskinga i grunnskulen i 1997. Prosent .....	52
Tabell 31	Brukar du skulebiblioteket i dine førebuingar til undervisninga? Lærarar, prosent... .....	57
Tabell 32	Trekkjer du skulebiblioteket aktivt inn i førebuinga av undervisninga? Prosent... 57	57
Tabell 33	Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket? Vist for dei som svara 'Ja'. Grunnskule, prosent og absolutte tal. ....	63
Tabell 34	Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket? Vist for dei som svara 'Ja'. Vidaregåande skule, prosent og absolutte tal. ....	63
Tabell 35	Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar? Lærarar, vist for skuleslag og alderskategoriar .....	65



Tabell 27	Er skulebiblioteket si verksemd integrert i skulen sitt planarbeid?. Fordelt på skuleslag. Absolutte tal og prosentlar .....	101
Tabell 28	Dersom skulebiblioteket si verksemd er integrert i skulen sitt planarbeid, deltek skulebibliotekansvarleg i planarbeidet som representant for skulebiblioteket? Fordelt på skuleslag. Absolutte tal og prosentlar. ....	102
Tabell 29	Dersom den skulebibliotekansvarlege ikkje deltek i planarbeidet, kva er årsakene til dette? Fordelt på skuleslag, absolutte tal og prosentlar.....	103
Tabell 30	Andre grunnar til at skulebibliotekansvarleg ikkje deltek i planarbeidet? Fordelt på skuleslag, absolutte tal .....	104



## Metode

Vi vil her kort gjere greie for metodiske val som ligg til grunn for granskinga, litt om det praktiske opplegget og gjennomføringa.

### ***Utvikling av spørjeskjemaet***

I tråd med opplegget i søknaden, vart spørjeskjemaet utforma i nær dialog med oppdragsgjevar. Det vart gjennomført tre møte der drøfta, og utkast vart sendt over til oppdragsgjevar for kommentar på e-post og telefon.

Endeleg utforming av spørjeskjemaet var klart og godkjent til 15. august 2006. Vidare framdrift vart då å sende ut informasjon om granskinga til alle landets skuledirektørar, slik at desse skulle være orienterte om at vi planla aktivitetar innan deira fylke, og for at dei skulle kunne bistå om det var naudsynt med motivering for å delta.

### **Utveljing av respondentar**

Vi tok opp og drøfta om vi skulle nytte e-postbasert spørjeskjema og kor stort utvalet skulle vere. Etter å ha avklara med oppdragsgjevar at e-postadresser var tilgjengelege for alle skulane i Noreg, både grunnskular og vidaregåande, vart vi samde om å gjennomføre ei e-postbasert spørjegransking. Denne vart utforma med programverktøyet ”Questback”, og spørjeskjemaet vart sett opp både på bokmål og på nynorsk. Vi hadde ein diskusjon på utvalgsstorleiken. Det var i røynda to alternativ: anten eit representativt utval, tentativt til ca 20 % av skulane eller ei utsending til heile universet, dvs. alle grunnskular og vidaregåande skular i landet.

Resultatet vart ei full utsending. Grunnane til dette var først og fremst at vi, gjennom e-postregisteret til skulane i Noreg hadde full tilgang til informasjon om dei sentrale representativitetskriteria (geografi/lokalisering, skuleslag og skulestorleik), slik at vi kunne vurdere representativiteten til dei innkomne svara på god måte. Og utsending via e-post til alle skulane var muleg å gjennomføre for same kostnad som for utsending til eit mindre utval. Vidare var det ikkje særlege grunnar til å tru at svarprosent ville påverkast av om det var eit utval eller ei full utsending. I eit representativt utval, etablert etter vanlege prosedyrar, vil det ikkje vere noko som tilseier at viljen til å svare er annleis enn i populasjonen totalt. I og med at kostnader/tidsbruk knytt til purring ville vere den same ved dei to alternativa, vurderte vi det slik at utsending til alle ville gje same svarprosent, men langt større tal på svar. Om det då skulle vise seg at innkomne svar ikkje i eitt og alt var representative, ville vi ha høve til å kunne gå inn og korrigere for dette anten gjennom vektning eller gjennom å gjere tilfeldige utval ”i ettertid”.

### **Respondentgrupper**

Målsetjinga i denne granskinga var å få respons frå alle dei aktuelle aktørgruppene. Det vil seie frå skulebibliotekansvarlege, skuleleiarar/rektorar, lærarar og elevar. Vidare var målsetjinga at granskinga skulle ha ein del som var felles for alle respondentane og ein del

som var særleg tilpassa den aktuelle respondentgruppa. Granskinga skulle vidare femne om både grunnskular og vidaregåande skular.

I og med at vi gjekk for å sende spørjeskjemaet til alle skulane i Noreg, og at vi ønskte svar frå fleire aktørar på kvar skule, laga vi eit gjennomføringsopplegg som vi bad skulane følge når dei mottok skjemaet:

- Vi stila skjemaet til skuleleiar/rektor og bad henne ta ansvar for å organisere gjennomføringa på sin skule
- Vi bad om at skuleleiar/rektor svarte på skjemaet og sende det vidare til skulebibliotekansvarleg, lærarar og elevar
- Dersom skuleleiar også var ansvarleg for skulebiblioteket, bad vi om at skuleleiar først svara som skuleleiar og deretter svara ein gong til som skulebibliotekansvarleg. Dette for å sikre at viktige spørsmål til skulebibliotekansvarleg vart svara på av flest muleg.
- Vi bad om at ein valde ut 5 – 7 lærarar på kvar skule – om dette var muleg ut frå skulestorleiken. Kriteria var knytte til faste- og mellombelse stillingar, fulltids- og deltidstilsetjing, kjønn, fagleg bakgrunn og kva årstrinn dei var lærar for.
- For elevane bad vi om at ein valde ut 2 elevar frå kvart årstrinn. I samråd med oppdragsgjevar bad vi om at ein i barneskulen berre valde ut elevar frå 5. årstrinn og oppover. Det vart vidare bede om at ein valde ein av kvart kjønn frå kvart årssteg. Vi foreslo ein utveljingsprosedyre der ein t.d. kunne velje ut elev nr 3 og 8 etter alfabetisk klasseliste. Om elev 8 var av same kjønn som elev 3 gjekk ein til elev 9 eller vidare til ein fekk elev av motsett kjønn.

## **Strukturering av spørjeskjemaet**

Som nemnt vart det lagt opp til at å stille ulike spørsmål til ulike respondentgrupper. I og med at vi valde gjennomføring via elektronisk skjema, kunne vi løyse dette ved å legge inn ulike krav knytt til spørsmåla, såkalla ”routing”. Dvs. at spørsmål til for eksempel elevar berre kom fram på skjermen til dei som på eit tidlegare spørsmål hadde kryssa av at dei var elevar. På denne måten kunne vi lage eit design der det innan same skjemaet vart generert fire ulike hovudskjema, basert på dei fire aktørgruppene.

Skjemaet vart vidare bygd opp slik at det innleiingsvis var spørsmål som gjekk på faktaopplysningar om skule, respondent og situasjonen for skulebiblioteket. Vidare vart det stilt spørsmål som gjekk meir på dei ulike gruppene sin bruk av skulebiblioteket og på deira vurdering av skulebiblioteket opp mot deira eigen situasjon.

## **Gjennomføring av datainnsamlinga**

Granskinga vart gjennomført i perioden 5. september til 14. oktober.

Tysdag 5. september vart det sendt ut e-post til dei i alt 3895 skulane som vi hadde gyldige e-postadresser til med invitasjon om å delta i granskinga. Samstundes vart det sendt ut ein e-post med praktisk informasjon om gjennomføringa der det og var lagt ved to anbefalingskriv (eit frå Utdanningsforbundet og eit frå Norsk bibliotekforening).

Ut frå tidlegare røynsle med spørjeskjemagranskingar via e-post/web, laut vi setje relativt korte tidsfristar og purre oftare. Vi laga difor følgjande plan for gjennomføringa:

- 05.09.06 Utsending av invitasjon til å delta, med link til spørjeskjemaet. Svarfrist fredag 08.09.06
- 11.09.06 Utsending av første påminning med svarfrist fredag 12.09.06

- 18.09.06 Utsending av andre påminning med svarfrist mandag 25.09.06

Vi heldt ope for å motta svar heilt fram til 14. oktober 2006. Dette skuldast m.a. at vi undervegs fekk tilbakemelding frå mange respondentar som av ulike grunnar ikkje hadde høve til å svare innan svarfristen. I tillegg gjennomførte også skulane haustferien i dette tidsromet, og fleire ønskte så lang svarfrist for å få høve til å delta

### **Utfordringar knytt til gjennomføringa.**

Det viste seg at der vart nokre praktiske utfordringar knytt til gjennomføringa. Den viktigaste utfordringa vi støytte på var knytt til datatekniske problem. Det er i dag stor "trafikk" med e-post på nettet, og mykje av det som vert sendt rundt er av typen "søppel-post" eller "spam", dvs e-post som enten kan ha skadeleg innhald eller som ikkje er av interesse for mottakar. Det er utvikla ulike verkty for å stoppe slik "søppel-post", og desse verktya vert stadig betre. Men desse verktya er vanlegvis konstruerte slik at dei reagerer på e-post som ser ut til å vere masseutsendingar, nett slik som utsending av invitasjonen til vel 3800 skular var. For mange skular var det difor slik at e-posten med invitasjon om å delta vart stoppa i e-post serveren (anten på skulen, i kommunen eller i fylket, alt etter kva system ein hadde).

I og med at desse systema vanlegvis ikkje gjev avsendar tilbakemelding om at e-posten er stoppa, er det uråd å vite det samla omfanget. Men i dette høvet fekk vi tilbakemeldingar frå skular som hadde registrert at granskinga var i gang men som ikkje hadde motteke invitasjonen til å delta. Dette sette oss i gang med ei gransking for å finne ut kvifor e-postane ikkje alltid kom fram, og slik fann vi ut at det var lokale e-post filter som avviste utsendinga vår. Vi kontakta den IT-ansvarlege i nokre kommunar der skulane etterlyste utsendinga, og dei kunne stadfeste av e-posten hadde blitt stoppa. Ut frå talet på tilbakemeldingar (på e-post og på telefon) som vi mottok, har vi estimert at nærare 20 % av utsendingane ikkje nådde fram til mottakaren.

Det var også eit mindre tal fråfall som skuldast feil i e-post adressene. Sjølv om vi nytta dei offisielle adresselistene vi fekk frå Utdanningsdirektoratet, viste det seg at der hadde skjedd diverse endringar i adressene i siste tida før utsending.

Til slutt kan og nemnast at vi fekk tilbakemelding frå ein del skular der ein av ulike grunnar ikkje fann å kunne – eller ville – svare på invitasjonen. Dette skuldast dels at ein ikkje hadde tid til å gjennomføre svaringa, at ein ikkje hadde skulebibliotek og dermed ikkje fann det naturleg å svare (desse vart kontakta på e-post der vi spurde om dei likevel kunne gjennomføre slik at vi fekk svar frå skuleleiar og at denne svarte på dei spørsmål som var relevante) eller det kunne vere at ein ikkje ville svare. I alt var det ca 200 tilbakemeldingar som gjekk på slike tilhøve.

### **Svarprosent m.m.**

Spørjeskjemaet vart sendt på e-post til i alt 3895 skular. Av dette var det 486 vidaregåande skular og 3409 grunnskular.

Tekniske årsaker (e-post avvist som søppelpost i skulen/kommunen sitt e-post filter samt feil i e-postadresser gav ein reduksjon i talet på skular som mottok utsendinga på ca 20 %. Dette talet er berekna ut frå tal på feilmeldingar vi mottok på e-post og ut frå telefonsamtalar med skular som visste om granskinga og etterlyste skjemaet) I tillegg hadde vi ei tal på ca 200 skular som tok kontakt med oss og fortalde at dei diverre ikkje kunne svare. Anten for di dei

ikkje hadde skulebibliotek (desse prøvde vi å få til å fylle ut første del av skjemaet, slik at vi skulle ha informasjon om skulen), at skulebiblioteket av ulike grunnar låg nede (ombygging, vakante stillingar etc.) eller at dei bevisst valde å late vere å svare då dei ikkje meinte å ha tid til å gjennomføre dette (deltaking var heilt frivillig frå den enkelte skule si side, vi hadde ikkje heimel til å pålegge dei å svare).

**Tabell 1 Oversikt over tal på utsendingar, fråfall og innkomne svar**

		Skular	Tal svar
<b>Utsendingar i alt</b>		<b>3895</b>	
Fråfall pga datatekniske problem	Estimert til ca 20 %	779	
Fråfall av andre grunnar	Estimert på basis av mottekne e-postar og telefonar	200	
<b>Korrigert univers</b>		<b>2956</b>	
<i>Tal på svar, 1. utsending</i>			2387
<i>Tal på svar, 1. purring</i>			1934
<i>Tal på svar, 2. purring</i>			893
<b>Tal på svar i alt</b>		<b>1549</b>	<b>5214</b>
<b>Svarprosent</b>		<b>52,4 %</b>	

Talet på skular som har svart har vi rekonstruert ut frå svarmatrisa. I og med at skulane vart bedne om å sende inn fleire svar (frå skulebibliotekansvarleg, skuleleiar, lærarar og elevar), gjev ikkje talet på svar informasjon om kor mange skular som har svara. Vi har rekonstruert dette ved å bruke namnet på skulen, og den informasjon vi hadde tilgang til frå utsendinga (e-postadresse, skulenamn, kommune og fylke).

Spørjeskjemaet var bygd opp slik at svararane innleiingsvis vart bedne om å krysse av for kva funksjon (skulebibliotekansvarleg, rektor, lærar eller elev). Dette genererte så ein kombinasjon av felles og eigne spørsmålssekvensar for dei ulike aktørgruppene på skulen. Vi såg ovanfor at vi i alt fekk svar frå 1549 skular. Dette var vel 52 % av skulane som hadde høve til å svare og ca 40 % av alle grunnskular og vidaregåande skular i Noreg. Fordelinga i Tabell 2 viser at ikkje alle gruppene svarte frå alle skulane.

**Tabell 2 Svarfordeling etter funksjon (stilling). Absolutte tal ut frå tal skular som har svart**

	Ansvarleg for skulebiblioteket	Skuleleiar/ rektor	Lærarar	Elevar	Svar i alt
Svar	994	919	1 315	1 946	5 174
- frå grunnskule	794	805	1039	1581	4255
- frå vidaregåande	200	114	276	365	959
Gjennomsnittleg tal svar per skule	0,64	0,59	0,85	1,26	3,3
<i>Svarprosent</i>	<i>64 %</i>	<i>59 %</i>			

Vi ser at vi har fått svar frå bibliotekansvarleg ved 64 % av skulane og rektor/skuleleiar ved 59% av skulane som svarte. Minst ein av desse har svart frå kvar av dei 1549 skulane. For lærarar og elevar bad vi om at fleire personar skulle svare frå kvar skule. Ut frå at det her var høve til individuell tilpassing ut frå tal på lærarar og elevar ved den enkelte skulen, kan vi ikkje gje opp reell svarprosent her. Men ut frå talet på svar frå desse gruppene kan vi seie at vi i gjennomsnitt fekk svar 0,85 lærarar per skule. Tilsvarande tal for elevane vart 1,26. I alt ser vi at det i gjennomsnitt kom 3,3 svar frå kvar skule som svarte. Sjølv om vi ikkje kan gje opp reelle svarprosentar for desse to gruppene, ser vi frå talet på svar (1315 og 1946) at vi har svar frå så mange at vi vil kunne bruke svara til å karakterisere også desse gruppene på landsbasis.

### **Andre datakjelder**

I 1997 vart det gjennomført ei gransking av skulebibliotek i grunnskulen i Noreg ("Skulebibliotek i grunnskolen – en kartlegging" – Nasjonalt læremiddelsenter 1997). Granskinga vart gjennomført av Åse M. Hansen ved BRODD. Vår kartlegging tok m.a. utgangspunkt i ein del spørsmålsstillingar i frå denne kartlegginga frå 1997 for å kunne gjere samanlikningar. Tal frå denne granskinga er difor trekt inn i enkelte av tabellane og figurane i denne delrapporten. I ulike samanhengar har dette fått litt ulike nemningar som t.d. "skulebibliotekgranskinga -1997", "granskinga i -97" og "grunnskule -97".

I tillegg har vi nytta ein del oppdaterte tal frå SSB Statistikkbanken, m.a. for skulestorleik m.v. Vi har og nytta eit arbeid frå Høgskulen i Nord-Trøndelag for å få eit estimat på skulestorleik etter elevtal i vidaregåande skular





## Innleiing om skulane

Grunnskular og vidaregåande skular i Noreg er ikkje jamt fordelt utover i landet. Dels er det folketal som er avgjerande for kor mange skular ein har og kvar dei er lokalisert, men i endå større grad er skulestrukturen eit resultat av kommune- og regionstruktur, der ein ofte enno i dag kan finne att skulekringsgrenser som er eit resultat av tidlegare tiders administrative inndelingar. Vi vil prøve gje eit bilete av i kva grad responsen vi fekk er representativ for den skulestrukturen ein kan observere i Noreg.

### Fylkesvis fordeling

**Tabell 3 Oversikt over tal på svar i alt og tal på skular fordelt fylkesvis. Absolutte tal og prosentar.**


	Tal skular som svarte	Tal svar i alt	Fordeling av skular		Avvik
			I granskinga	I Noreg i alt	
Østfold	57	187	3,7 %	4,2 %	-0,5 %
Akershus	136	518	8,8 %	8,2 %	0,6 %
Oslo	108	468	7,0 %	4,9 %	2,1 %
Hedmark	80	201	5,2 %	4,5 %	0,6 %
Oppland	56	195	3,6 %	5,1 %	-1,5 %
Buskerud	73	211	4,7 %	4,9 %	-0,2 %
Vestfold	50	195	3,2 %	3,9 %	-0,6 %
Telemark	30	95	1,9 %	4,2 %	-2,3 %
Aust-Agder	45	177	2,9 %	2,5 %	0,4 %
Vest-Agder	76	247	4,9 %	3,7 %	1,2 %
Rogaland	122	459	7,9 %	7,4 %	0,5 %
Hordaland	164	453	10,6 %	10,5 %	0,1 %
Sogn og Fjordane	51	190	3,3 %	4,1 %	-0,8 %
Møre og Romsdal	113	451	7,3 %	7,2 %	0,1 %
Sør-Trøndelag	87	298	5,6 %	5,8 %	-0,1 %
Nord-Trøndelag	67	219	4,3 %	3,5 %	0,8 %
Nordland	124	326	8,0 %	7,8 %	0,2 %
Troms	51	184	3,3 %	4,7 %	-1,4 %
Finnmark	55	127	3,6 %	2,9 %	0,7 %
Utlandet/Svalbard	3	12	-	-	-
I alt	1549	5213	100%	100 %	-

Tabell 3 viser fordeling av svar frå skulane som svarte og fordeling av skular i alt. Vi ser at det i liten grad var avvik mellom tal på svar frå skular og tal på skular i alt frå dei ulike fylka (Tabell 3). Oslo har størst positivt avvik, Troms og Telemark er dei to fylka der det er størst negativt avvik. Vi sjekka ut for fråfallet grunna datatekniske årsaker og såg då at dette mest truleg hadde slått spesielt ut for desse to fylka (ut frå tal på feilmeldingar etter utsendinga og direkte respons frå skular som reagerte på å ikkje få spørjeskjema tilsendt.)

Det er stor grad av samsvar mellom dei som har svart og korleis skulane er fordelt på fylka i Noreg. For dei fleste av fylka ligg svarandelen for 14 av fylka innan +/- 0,8 prosentpoeng avvik. Berre fire fylke har større avvik, men sjølv for dei ligg avviket innanfor marginar som er akseptable.

## Kommunerepresentasjon

Figur 1 viser at vi i granskingsa har fått svar frå 85 % av kommunane i Noreg. Relativt sett er det færrest svar i Troms. Vi veit at Troms var eit av dei fylka der datatekniske problem stoppa ein stor del av utsendingane. Dette kan truleg forklare den relativt låge svarprosenten her. Tabell 3 vise tala frå kommunane i dei enkelte fylka (heile materialet – her er det ikkje skilt mellom grunnskule og vidaregåande)



**Figur 1** Oversikt over prosent av kommunane i kvart fylke som er representerte i utvalet. Prosent

## Fordeling på lokalnivå (kommune- og bydel)

Vi bad svararane krysse av for om skulen låg i by- eller landkommune, med vidare inndeling etter om den låg i sentrum av byen, i annan bydel, i kommunesenter i landkommune, i annan tettstad i landkommune eller utanfor tettstad i landkommune. Tabell 5 viser denne fordelinga. Vi ser at 43 % av skulane vi fekk svar frå ligg i bykommunar, (16 % i sentrumsbydelen og 27 % i andre bydelar). Vidare er 57 % frå landkommunar. Desse fordeler seg med 17 % i kommunesenteret, 18 % i ein annan tettstad i kommunen og 22 % av skulane ligg i spreiddbygde område i kommunen. Vi ser at det er godt samsvar mellom tala for skular og tala for alle svara samla.

**Tabell 4 Svarfordeling etter tal kommunar frå kvart fylke. Rangert etter svarprosent**

	I alt	Kommunar		Svarprosent
		Som vi fekk svar frå	Som vi ikkje fekk svar frå	
Oslo	1	1	0	100 %
Akershus	22	22	0	100 %
Hedmark	22	21	1	95 %
Vestfold	14	13	1	93 %
Hordaland	33	30	3	91 %
Vest Agder	15	13	2	87 %
Aust Agder	15	13	2	87 %
Nordland	44	38	6	86 %
Buskerud	21	18	3	86 %
Sogn og Fjordane	26	22	4	85 %
Rogaland	26	22	4	85 %
Finnmark	19	16	3	84 %
Sør Trøndelag	25	21	4	84 %
Møre og Romsdal	37	31	6	84 %
Østfold	18	15	3	83 %
Nord Trøndelag	24	19	5	79 %
Telemark	18	14	4	78 %
Oppland	26	20	6	77 %
Troms	25	17	8	68 %
Noreg i alt	431	366	65	85 %

**Tabell 5 Kva kommune/kommunedel ligg skulen i? Vist for alle som har svara og fordelt på tal skular som har svart**

	Svar frå skular		Svar i alt	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Sentrumsbydelen i ein bykommune	234	16 %	892	17 %
Annan bydel/forstad i ei bykommune	405	27 %	1337	26 %
Kommunesenteret i ein landkommune	256	17 %	989	19 %
Annan tettstad i ein landkommune	272	18 %	974	19 %
Utanfor tettstad i ein landkommune	337	22 %	917	18 %
I alt	1504	100 %	5109	100 %
Ikkje svart	45		105	
Tal svar i alt	1549		5214	

Men sameleis som for granskinga frå 1997 hadde vi ei utfordring her, i og med at der ikkje vert nytta noko eintydig inndeling korkje for by- eller landkommunar eller for kva som er sentrum, tettstad eller utanfor tettstad. Svara her er difor til ei viss gradpåverka av svararen si eiga oppfatning av området skulen ligg i. Vi har heller inga oversikt over korleis skulane i Noreg fordeler seg etter desse dimensjonane.

For å kunne vurdere representativiteten har vi difor også brukt 3. og 4. siffer i kommunenummeret som indikator på om kommunen skulen ligg i er ein by- eller landkommune. I dei opphavlege kommunenummereringane var det slik at bykommunane fekk nummer mellom 1 og 9 og landkommunane frå 10 og oppetter. Dette er diverre ikkje

gjennomført fullt ut (t.d. for kommunar som i praksis har gått over frå å vere land- til å verte bykommunar). T.d. har Førde kommunenummer 1432 og Elverum 0427. Båe kommunane er vanleg å rekne som byar, men kjem ut som landkommunar etter kommunenummeret. Tilsvarande gjeld også for bymessige område som t.d. Bærum og andre kommunar kring Oslo.

Fordelen med å bruke siffer frå kommunenummera er likevel at vi då har høve til å gjere ei god samanlikning mellom korleis skulane i Noreg er fordelt og svarfordelinga i vår gransking. Vi viser dette i Tabell 6.

Om vi tek svara for det dei er, så har i alt 34 % av svararane sagt at dei representerer bykommunar, 66% landkommunar. Splittar vi dette på grunnskular og vidaregåande, ser vi at andelen frå bykommunar er noko høgare for dei vidaregåande, med 38 % mot 33 % for grunnskulane. Eit slikt skilje var naturleg å vente, i og med at ikkje alle dei mindre (land)kommunane har vidaregåande skular, medan alle kommunar har grunnskular.

**Tabell 6 Fordeling av skular på by- og landkommunar. Fordelt etter førstesiffer i kommunenummeret. Grunnskular i Noreg og grunnskular og vidaregåande skular i granskinga. Vist i prosent**

Skulen ligg i	Grunnskular		Vidaregåande skular
	I Noreg i alt	Svar i alt	
Bykommune	32,8 %	33 %	38 %
Landkommune	67 %	67 %	62 %
	100,0 %	99,8 %	100,0 %
Tal skular i alt	3543	1323	226

Ut frå oversikten over grunnskular i Noreg har vi kunna berekne fordelinga mellom skular i by- og landkommunar for Noreg totalt. Vi fann der at 33 % av grunnskulane i Noreg låg i bykommunar, 67 % i landkommunar. Vi kan sjå at våre tal er heilt på line med desse.

## **Skuletype**

Vi bad svararane gje opp kva skuletype dei arbeidde ved/var elev ved. Vi viser denne fordelinga for dei 1549 skulane som svarte:

Tabell 7 viser fordelinga på skuleslag og dei ulike skuletypene innan grunnskule og vidaregåande skule. Ut frå opplysningar vi fekk frå Utdanningsdirektoratet om tal på skular i alt (basislistene for e-post utsending av spørjeskjemaet), var det i alt 3538 grunnskular og 484 vidaregåande skular, dette gjev ei fordeling på 88 mot 12 %. Vi ser at vi i vårt materiale har ei fordeling på 86 mot 14 prosent, dvs. ei fordeling som avvik svært lite frå den verkelege. Vidare har vi nytta opplysningane frå SSB Statistikkbanken til å få fram den faktiske fordelinga på skuletypar i grunnskulen. Denne viser at i vårt materiale er det ei fordeling mellom dei ulike skuletypene som er så å seie identisk med den reelle fordelinga i Noreg.

**Tabell 7 Skular som svarte. Fordelt etter skuleslag og skuletype. Tal og prosent**

		Skular som svarte		Verkeleg %-del
		Tal	Prosent	
<b>Grunnskule, i alt</b>		<b>1315</b>	<b>86 %</b>	<b>88 %</b>
	Barneskule (1. til og med 7. årstrinn)	779	59 %	62 %
	Ungdomsskule (8. til og med 10. årstrinn)	203	15 %	15 %
	Kombinert barne- og ungdomsskule (1. til og med 10. årstrinn)	303	23 %	23 %
	Spesialskule, vaksenopplæring m.v.	30	2 %	
<b>Vidaregåande i alt</b>		<b>220</b>	<b>14 %</b>	<b>12 %</b>
	Kombinert allmenn og yrkesfagleg	125	57 %	
	Allmennfagleg	46	21 %	
	Yrkesfagleg	49	22 %	
<b>Skular i alt</b>		<b>1531</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

Adresselistene vi nytta inneheldt også spesialskular, vaksenopplæringsopplegg etc. Vi har difor også fått nokre svar frå slike skular, i alt 30. Om vi korrigerer for desse, ser vi at fordelinga på grunnskulenivå er så å seie identisk med den verkelege fordelinga i Noreg.


## Skulestorleik

I spørjeskjemaet bad vi skuleleiar/rektor svare på spørsmål om skulestorleik (tal elevar, tal lærarårsverk m.m.). Figur 2 viser korleis svara frå skulane fordelte seg på ulike storleikskategoriar. Vi kan sjå eit skilje mellom grunnskular, som har relativt fleire små/mindre skular, og vidaregåande som har fleire av dei største. Dette er eit skilje vi venta å finne, ut frå den faktiske struktur på dei to skuleslaga: dei vidaregåande skulane er generelt både færre og større enn grunnskulane.

For grunnskulane kan vi samanlikne med den verkelege andelen<sup>1</sup>. Vi ser frå Tabell 8 at dei minste skulane er noko underrepresenterte i utvalet vårt (16% mot 19% av skulane i Noreg). På den andre sida er det og slik at det også er blant dei minste skulane at vi finn relativt færrest skulebibliotek, dermed var det å vente at vi fekk noko færre svar inn frå desse skulane. Det er ikkje tilsvarande samanlikningstal frå SSB for vidaregåande skular. Vi har illustrert fordelinga med data frå eit utval på 340 vidaregåande skular frå 2003<sup>2</sup>.

<sup>1</sup> SSB Statistikkbanken Tabell: 03739: Grunnskolar, etter skulestorleik, skolens organisasjonsform og eigarforhold. Tal for 2005 (nyaste tilgjengelege)

<sup>2</sup> Nytt data frå Statistikkvedlegg, Statistiske opplysningar for vidaregåande skoler per 01.10.03 innhentet fra fylkeskommunene. i Western, Knut Ingar (2006): Analyser av kostnader innen vidaregåande opplæring. Arbeidsnotat, Høgskolen i Nord-Trøndelag Foreløpig utgåve. [http://www.lu.no/files/RAP\\_VGO\\_februar.doc](http://www.lu.no/files/RAP_VGO_februar.doc)



**Figur 2 Svarfordeling etter skulestorleik. Prosent**

At vi har fått ein viss underrepresentasjon frå dei minste skulane kan også forklarast med at desse i mindre grad makta å gjennomføre organiseringa av svaringa. Vi bad trass alt om at 5 - 15 personar frå kvar skule skulle svare, samstundes som at deltaking var heilt friviljug frå skulen si side. E-postar og telefonar som vi fekk tyder og på dette – dei argumenterte med at dei var små skular med små ressursar og dermed ikkje hadde høve til å svare.


**Tabell 8 Skulestorleik. Samanlikning av fordeling på storleiksgrupper. Grunnskular i Noreg og grunnskular som svarte på granskinga. Prosent**

	1 - 49 elevar	50 - 99 elevar	100 - 299 elevar	300 elevar og meir	I alt
Grunnskular i Noreg	19 %	16 %	39 %	26 %	100 %
Grunnskular som svarte på granskinga	16 %	14 %	37 %	33 %	100 %
Vidaregåande skular i Noreg (*)	4 %	4 %	34 %	58 %	100 %
Vidaregåande skular som svarte på granskinga	6 %	7 %	27 %	59 %	100 %

\* sjå fotnote 2

Blant ungdomsskulane i granskinga hadde 98 % meir enn 100 elevar. For barneskulane er tilsvarende tal 50 % og for dei kombinerte skulane 48 %. Her er dei verkelege andelane høvesvis 96, 59 og 39 prosent.

## Andel framandspråklege elevar



**Figur 3** Kor stor er andelen framandspråklege elevar ved dykkar skule. Fordelt på skuleslag. Prosent. N = 3159 (Bibliotekansvarlege, leiarar og lærarar)

Det er relativt få framandspråklege skulane sett under eitt er det. For grunnskulane er det ca 70 % som har 0-5 % framandspråklege og 14 % som har mellom 6 og 10 %. For vidaregåande er tilsvarende tal 64 og 20 %.

Andelen framandspråklege er klart størst i det sentrale austlandsområdet. Meir enn halvparten av skulane frå Oslo har over 30 % framandspråklege (54 % av grunnskulane og 53 % av dei vidaregåande) og 79 % respektive 81 % av skulane i Oslo har over 10 % framandspråklege). For grunnskulen er det slik at alle fylka der over 10 % av skulane har meir enn 10 % framandspråklege elevar alle ligg kring Oslofjorden.






## Om svararane

### Funksjon på skulen


Figur 4 viser korleis svara fordeler seg på dei fire funksjonsgruppene: skulebibliotekansvarleg, skuleleiar/rektor, lærar og elev. Det er i stor grad samsvar mellom dei to skuleslaga, men at det relativt sett kom noko færre svar frå skuleleiar/rektor i vidaregåande skular (12 % mot 19 % for grunnskulen) og noko fleire frå lærarane (25 % mot 28 %). Elles fordeler dei seg jamt mellom dei ulike responsgruppene når det gjeld skuleslaga.




**Figur 4** Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt på grunnskule og vidaregåande skule. Prosent

### Funksjon etter skulestorleik

I grunnskulen (Figur 5) fekk vi i noko større grad svar frå skuleleiarane ved dei minste skulane enn ved dei største (34 % mot 18 %). Talet på svar frå skulebibliotekansvarleg ligg om lag på same nivå for dei minste skulane som for grunnskulane under eitt (17 %). For grunnskulen var det elles slik at heile 70 % av skulane med mindre enn 50 elevar var reine barneskular, ein del av desse hadde heller ikkje elevar i årstrinna frå 5. og oppover. Dette gjorde at vi for dei minste skulane hadde venta at det skulle kome relativt færre svar frå elevar enn frå dei andre storleikskategoriane. Dette ser vi og i vårt materiale, der ca 30 % av svara frå dei minste skulane kom frå elevane mot vel 41 % av svara frå dei største skulane. Vi kunne og vente at desse minste skulane i nokon grad hadde færre svar frå lærarar (mindre lærarstab). Dette kan vi også observere i det endelege materialet – lærarsvar utgjorde 20 % av svara frå dei minste skulane. For større skular var talet ca 26%.



**Figur 5** Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt etter skulestorleik (tal elevar). Grunnskule, prosent.



**Figur 6** Kva er din funksjon (stilling) på skulen? Fordelt etter skulestorleik (tal elevar). Grunnskule, prosent.

For vidaregåande har vi valt å gruppere i to storleiksgrupper: under og over 300 elevar. Dette då vi berre hadde i alt 15 skular med færre enn 100 elevar. Vi ser frå at det for den vidaregåande skule ikkje er særleg skilnad mellom mindre og større skular med tanke på korleis svara fordelte seg på aktørgruppene: elevane ca 40 %, lærarane ca 30 % og skulebibliotekansvarleg/rektor baa kring 15 %.

## Årstrinn

62 % av elevsvara kom frå elevar på barnetrinnet, 19 % frå ungdomstrinnet og 19 % frå vidaregåande skule. Tabell 9 og Tabell 10 nedanfor viser korleis svara fordelte seg på skuletypene.

## Grunnskulen

For barnetrinnet ser vi at det er stor grad av samsvar i fordelinga på årstrinn mellom reine barneskular og kombinerte barne- og ungdomsskular. For ungdomstrinnet ser vi ein tendens til at det vert noko fleire elevar frå 9. og særleg 10. årstrinn som kjem frå dei reine ungdomsskulane.

**Tabell 9 Oversikt over fordeling på årstrinn etter skuletype, grunnskulen. Elevsvar**

	Barne- og ungdomsskule	Barneskule	Ungdomsskule	Andre	I alt
5. årstrinn	17 %	82 %			100 %
6. årstrinn	15 %	85 %			100 %
7. årstrinn	16 %	84 %			100 %
8. årstrinn	48 %		52 %		100 %
9. årstrinn	30 %		69 %	1 %	100 %
10. årstrinn	23 %		76 %	1 %	100 %
I alt	21 %	65 %	15 %	0 %	100 %
	327	1017	230	2	1576
Verkeleg andel i Noreg	23 %	62 %	15 %		100 %


## Vidaregåande skule

**Tabell 10 Oversikt over fordeling av elevsvar på årstrinn etter skuletype, vidaregåande skule**

	Kombinert allmenn og yrkesfagleg	Allmennfagleg	Yrkesfagleg	I alt	
				%	Tal
1. årstrinn	28 %	45 %	26 %	100 %	102
2. årstrinn	34 %	42 %	25 %	100 %	130
3. årstrinn	33 %	55 %	12 %	100 %	133
	32 %	47 %	21 %	100 %	
	117	173	75		365

For vidaregåande skular ser vi at det er ein liten skilnad mellom allmenn- og yrkesfaglege skular slik at allmennfaglege og kombinerte skular har høgare andel av 3. årstrinn med 38 og 42 % mot 21 % for dei yrkesfaglege. Her har vi ikkje tilsvarende samanlikningstal for den reelle stoda i Noreg.

For elevar i vidaregåande bad vi og om at dei gav opp kva programområde dei er knytte til. Vi viser dette i figuren nedanfor:




**Figur 7 Kva programområde er du elev ved? Svar frå elevar i vidaregåande skule. Absolutte tal**

Som figuren viser er det programområde realfag og programområde samfunnsfag og økonomi som dominerer med heile 187 av 365 svar. For dei andre områda har vi få svar, frå 21 og ned til 1. Dette gjer at det er vanskeleg å bruke denne inndelinga aktivt i analysen anna enn for allmennfag, der vi har programområda for realfag (127), samfunnsfag og økonomi (60).

## Kjønn

Vi bad alle gje opp kjønn. For svara i alt var det 38 % menn og 62 % kvinner. Nedanfor viser vi fordelinga fordelt på funksjon og skuleslag.



**Figur 8 Svarfordeling etter funksjon og skuleslag. Prosent**

Størst kvinneandel er det blant skulebibliotekansvarlege. Her er høvesvis 83 og 80 % kvinner. Blant skuleleiar er mennene totalt sett i fleirtal, med 50 % i grunnskulen og 64 % i den vidaregåande skulen. Lærarane ligg mellom desse – i grunnskulen er det 28 % menn og i vidaregåande 50 %. Ut frå det vi veit om kjønnsfordelinga i skuleverket, skulle dette vere tal som høver rimeleg godt med den reelle situasjon i skulen i dag.

For elevane bad vi spesielt om at ein freista gjere utval med jamn fordeling på gutar og jenter. Likevel har vi fått ei lita overvekt av jenter blant svararane. Dels kan dette skuldast at fleire jenter enn gutar har følgd oppmodinga om å svare på skjemaet, dels kan det og skuldast (for vidaregåande) at jentene er i fleirtal på dei tre programområda som dominerer.

Samla sett vil vi meine at svarfordelinga etter kjønn gjev eit utval som er representativt for skulen som heilskap.


## Alder

For elevane er alderen langt på veg bestemt av årstrinnet dei går på. Vi spurde difor dei andre aktørane om alder. Tabellen nedanfor viser gjennomsnittsalder fordelt på dei tre aktuelle funksjonane og skuleslag:

**Tabell 11 Aldersfordeling, vaksne svararar. Gjennomsnittsverdiar, tal for standardavvik i parentes**

	Skulebibliotek-ansvarleg	Skuleleiar	Lærar	I alt
Grunnskule	49,4 (9,7)	52,4 (8,3)	43,2 (10,7)	47,9 (10,5)
Vidaregåande	47,1 (10,6)	54,6 (7,6)	46,7 (10,6)	48,4 (10,5)

Gjennomsnittsalderen er ganske lik for dei to skuleslaga, kring 48 år, med lærarane som dei yngste og skuleleiarane som dei eldste i båd gruppene. Nedanfor viser vi korleis alder fordeler seg etter aldersgrupper (Figur 9). Vi ser her at aldersgruppa frå 30 til 59 år dominerer for båd skuleslaga, med kring 80 % av respondentane. Blant lærarane er det noko fleire i den yngste aldersgruppa og noko færre i den eldste. Det er så å seie ingen skuleleiarar i den yngste alderskategorien




**Figur 9 Aldersfordeling fordelt etter aldersgrupper. Vist for tilsette fordelt på skuleslag. Prosent**

# Meir om karakteristika ved svararane

## Skulebibliotekansvarleg

### Utdanningsbakgrunn



**Figur 10 Utdanningsbakgrunn, skulebibliotekansvarleg. Tal i prosent. Grunnskule og vidaregåande opplæring 2006.**

Det er eit markert skilje i utdanningsbakgrunn mellom dei som arbeider i grunnskule og i vidaregåande. I svara frå vidaregåande svarar 55% at dei er fagutdanna bibliotekarar og 7% at dei er fagutdanna bibliotekar med ulik tilleggsutdanning (enten at dei i tillegg har full lærarutdanning eller at dei har pedagogisk tilleggsutdanning). Tilsvarande er tala for grunnskulen høvesvis 9% og 3%.

Vi kan sjå at det har skjedd ei viss endring frå 1997. Då var det høvesvis 5% og 1% som var fagutdanna bibliotekarar eller fagutdanna med pedagogisk tillegg. I 2006 er tala for dette 9% og 2%, altså noko nær ei dobling

I grunnskulen er det lærarutdanninga som dominerer, noko som samsvarar godt med at ein i dette skuleslaget vanlegvis også er deltidstilsett som skulebibliotekansvarleg. Dette går fram

av Tabell 12 nedanfor. Heile 95 % av dei bibliotekansvarlege i grunnskulen svarar at dei utfører denne oppgåva på deltid, mot 49 % i den vidaregåande skulen. Samanlikna med 1997 var det i 2006 noko fleire som svarta at dei berre hadde lærarutdanning, utan tilleggutdanning retta mot skulebiblioteket.

**Tabell 12 Er du tilsett på heiltid eller på deltid? Skulebibliotekansvarleg, prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?		
	Grunnskule	Vidaregåande	I alt
Heiltid	5 %	51 %	15 %
Deltid	95 %	49 %	85 %
	100 %	100 %	100 %

Dei største skulane har i størst grad fagutdanna bibliotekar. I grunnskulen er prosentdelen med fagutdanning eller bibliotekfagleg tilleggutdanning 12 % for dei minste skulane (under 50 elevar), mot 47 % for skular med meir enn 300 elevar. I vidaregåande skule er tilsvarende tal 12 % mot 89 %.

### Har kvinnelege og mannlege skulebibliotekansvarlege ulik utdanningsbakgrunn?

Langt dei flest skulebibliotekansvarlege er kvinner. I grunnskulen er det 85 % kvinner, i vidaregåande 81 %. Som Tabell 13 viser, er det skilnad i utdanningsbakgrunnen for kvinner og menn som har ansvarlege for skulebiblioteket. Det er generelt fleire kvinner enn menn som er fagutdanna bibliotekarar. I grunnskulen er det høvesvis 5 prosent av mennene og 12 prosent av kvinnene, i vidaregåande 44 mot 66 prosent. I grunnskulen er det nesten dobbelt så høg andel kvinner som menn som har bibliotekfagleg tilleggutdanning attåt lærarutdanninga (14 mot 25 prosent), i vidaregåande er det 13 % menn mot 10 % av kvinnene.

**Tabell 13 Skulebibliotekansvarleg sin utdanningsbakgrunn. Fordelt på skuleslag og kjønn. Absolutte tal og prosent**

	Grunnskule				Vidaregåande			
	Mann	Kvinne	I alt		Mann	Kvinne	I alt	
	%	%	%	Tal	%	%	%	Tal
Fagutdanna	5 %	12 %	11 %	87	44 %	66 %	61 %	120
Lærar med bibliotektillegg	14 %	25 %	23 %	180	13 %	10 %	10 %	20
Lærar utan bibliotektillegg	73 %	50 %	53 %	418	36 %	11 %	16 %	32
Anna utdanning	8 %	13 %	13 %	98	8 %	13 %	12 %	24
Alle	100 %	100 %	100 %		100 %	100 %	100 %	
	120	663		783	39	157		196

Dette reflekterer vel i mykje det at bibliotekyrket tradisjonelt har vore eit kvinneyrke. Våre data viser at dette i liten grad er i endring. Blant dei "ferske" mannlege bibliotekansvarlege (dvs. som har hatt ansvar for skulebiblioteket i 5 år eller mindre) er til dømes heile 95 % utan fagutdanning som bibliotekar, mot 87 % for dei som har hatt funksjonen lenger. Det er difor ikkje noko i våre data som tyder på at dette er i endring.



## Skulebibliotekansvarleg og/eller noko meir?

Vi spurde vidare om skulebibliotekansvarleg hadde andre funksjonar på skulen. Det er eit klart skilje mellom skuleslaga, der det i grunnskulen berre er 18 % som har skulebiblioteket som einaste oppgåve mot 80 % i vidaregåande. Dei som har fleire roller kombinerer det i dei aller fleste tilfelle med ei lærarstilling (70 % for grunnskule og 17 % for vidaregåande). For vidaregåande skule var det nesten ingen andre kombinasjonar, for grunnskulen utgjorde dei administrativt tilsette ca 5% og rektor/inspektør omlag like stor del.

## Andre funksjonar og skulestorleik

Tabell 14 viser at det i dei mindre skulane er meir vanleg at skuleleiar/rektor også har oppgåva som skulebibliotekansvarleg (27% av svara frå denne kategorien). For skular med 50 til 99 elevar ser vi at det også er relativt mange som er tilsett i administrative stillingar (8 %). Elles er det kombinasjon med det å vere lærar som dominerer, uansett skulestorleik.

**Tabell 14 Har du, i tillegg til å vere skulebibliotekansvarleg, også andre funksjonar på skulen? Fordelt etter skulestorleik. Grunnskule, prosent**

	Nei	Skuleleiar/ rektor	Inspektør	Tilsett i adm. stilling	Lærar	Totalt	
1 - 49 elevar	3 %	27 %	1 %	8 %	61 %	100 %	74
50 - 99 elevar	11 %	4 %	1 %	12 %	72 %	100 %	76
100 - 299 elevar	15 %	1 %	5 %	4 %	75 %	100 %	296
300+ elevar	27 %	0 %	3 %	3 %	67 %	100 %	318
Skular i alt	18 %	3 %	4 %	5 %	70 %	100 %	
	140	25	27	38	534		764

## Kor lenge vore ansvarleg for skulebiblioteket

Vi ser at skulebibliotekansvarleg i regelen har hatt ansvaret i mindre enn ti år (Tabell 15). I grunnskulen er det 59% som har vore bibliotekansvarleg i fem år eller mindre og 25% i 6 til 10 år. For vidaregåande er dei tilsvarende tala høvesvis 40 og 30 %.

**Tabell 15 Kor lenge har du vore ansvarleg for skulebiblioteket? Tal i %**

Skulebibliotekansvarleg	Kva skuleslag arbeider du ved?			Tal
	Grunnskule %	Vidaregåande %	I alt %	
0 - 5 år	59 %	40 %	55 %	455
6 - 10 år	24 %	30 %	25 %	209

11 - 15 år		6 %	15 %	8 %	65
16 - 20 år		5 %	8 %	6 %	49
21 år eller meir		5 %	8 %	6 %	48
Sum	%	100 %	100 %	100 %	
	Tal	654	172		826

## Personalressurs

Vi spurde bibliotekansvarleg kor stor stillingsprosent ho hadde som skulebibliotekansvarleg. Vi fekk her svar frå 949 av 994 bibliotekarar. Vi viser svarfordelinga i tabellen nedanfor:

**Tabell 16 Kor stor stillingsprosent har du som skulebibliotekansvarleg? Prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?		
	Grunnskule	Vidaregåande	I alt
Inga tid avsett	10 %	2 %	8 %
1 - 5 %	18 %	1 %	15 %
6 - 10 %	16 %	3 %	13 %
11 - 25 %	28 %	9 %	24 %
26 - 50 %	16 %	21 %	17 %
51 - 75 %	7 %	9 %	8 %
76 - 99 %	3 %	9 %	4 %
Full stilling	2 %	47 %	11 %
	100 %	100 %	100 %

Vi ser att mønsteret frå spørsmålet om heiltids- eller deltidstilling: at vidaregåande i langt større grad nyttar heiltidstilsetjing enn grunnskulen (49 mot 2 %). I tillegg er dei deltidstilsette jamt over tilsette i større stillingsdelar enn deltidstilsette i grunnskulen (39 mot 26 prosent tilsette i mellom 26 og 99% stilling).

## Er det fleire tilsette ved biblioteket?

**Tabell 17 Er det fleire enn deg sjølv som arbeider ved skulebiblioteket? Prosent**

	Kva skoleslag arbeider du /er du elev ved?		Total
	Grunnskole	Videregående	
Ja	26 %	38 %	29 %
Nei	74 %	62 %	71 %
	100 %	100 %	100 %
	634	40	674

Tabell 17 viser at det er noko meir vanleg med fleire tilsette på biblioteket i dei vidaregåande skulane enn i grunnskulen. Dette høver i hop med det vi elles har sett om satsinga på skulebibliotek innan den vidaregåande skulen, m.a. at bibliotekansvarleg i større grad har full stilling.

## Korleis vert bemanninga løyst om ein ikkje har fast stilling som bibliotekar

Vi såg at det i grunnskulen var slik at skulebibliotekansvaret var noko ein fekk ”attåt” sin hovudfunksjon ved skulen (berre 18 % som hadde dette som einaste funksjon mot 80 % i vidaregåande). For dei som har skulebibliotekansvaret attåt andre funksjonar på skulen, var det 56 % i grunnskulen og 68 % i den vidaregåande som hadde dette fast lagt til stillinga si.


For dei som ikkje har funksjonen som fast tillagt stillinga si, var det i grunnskulen 33 % som hadde fått funksjonen lagt inn i si ordinære stilling (Tabell 18) mot berre 9 % i vidaregåande.

**Tabell 18 Om funksjonen som skulebibliotekansvarleg ikkje er lagt fast til di stilling, korleis vert då stillinga dekt opp? Prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?		I alt
	Grunnskule	Vidaregåande	
Blir lyst ut internt men går inn i ordinær stilling	33 %	9 %	31 %
Blir lyst ut internt som tillegg til ordinær stilling	16 %	18 %	17 %
Oppgåva går på omgang blant de tilsette	22 %	18 %	22 %
Andre løysingar	29 %	55 %	30 %
	100 %	100 %	100 %
	243	11	254

## Skuleleiarane

### Utdanningsbakgrunn



**Figur 11 Kva er din utdanningsbakgrunn? Vist for skuleleiarane, prosent**

Også her ser vi eit klart skilje mellom grunnskule og vidaregåande – i grunnskule dominerer lærerutdanning, i vidaregåande utdanning frå universitet. Men dette avspeglar i hovudsak berre det generelle skiljet vi finn mellom desse skuleslaga, og gjev slik eit bilete av at skuleleiar ved dei respektive skuleslaga i regelen har same utdanningsbakgrunn som det pedagogiske personalet har.

### Kor lenge har du vore skuleleiar ved den skulen du no leier?

**Tabell 19 Kor lenge har du vore tilsett som skuleleiar ved din skule? Prosent**


	Kva skuleslag arbeider du ved?			
	Grunnskule	Vidaregåande	I alt	
	%	%	%	Tal
0 - 5 år	46 %	45 %	46 %	387
6 - 10 år	29 %	24 %	29 %	242
11 - 15 år	12 %	12 %	12 %	105
16 - 20 år	7 %	6 %	7 %	56
21 år eller meir	5 %	13 %	6 %	54
	100 %	100 %	100 %	
	739	105		844

Vi kan her merkje oss at det ikkje er nennande skilnad mellom grunnskule og vidaregåande. Kring 45 % er relativt nytilsette (0 – 5 år), kring 25-30 % har hatt funksjonen i 6 – 10 år.

Einaste skiljet finn vi for dei som har vore skuleleiarar i 21 år eller meir, her er andelen innan vidaregåande 13 % mot 5 % i grunnskulen.

## Lærarane

### Utdanningsbakgrunn



**Figur 12 Kva er din utdanningsbakgrunn? Lærarar, prosent**

I grunnskulen er det lærerutdanning som dominerer med 80 % av svara. I vidaregåande ser vi at det er universitetsutdanning som er dominerande med 60 %, medan 21 % har utdanning frå høgskulesystemet og 14 % har lærerutdanning.

### Tenestetid som lærar

Her kan vi merke oss at prosentdelen lærarar med lang fartstid jamt over er høgare i den vidaregåande skulen, der 33 % har meir enn 15 års tenestetid, mot 22 % i grunnskulen

**Tabell 20 Kor lenge har du vore tilsett som lærar? Prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?			
	Grunnskule	Vidaregåande	I alt	
	%	%	%	Tal
0 - 5 år	35 %	29 %	34 %	422
6 - 10 år	30 %	21 %	28 %	349
11 - 15 år	12 %	17 %	13 %	167
16 - 20 år	8 %	15 %	9 %	116
21 år eller meir	14 %	18 %	15 %	188
Sum	100 %	100 %	100 %	
	980	262		1242

## Fast eller mellombels tilsetjing

Vi ser frå Tabell 21 at lærarane som har svara i regelen er fast tilsette i full stilling (73 % høvesvis 83 % for grunnskule og vidaregåande). I alt er det 82 høvesvis 89 prosent som er tilsette i fulle stillingar. Og berre 3 høvesvis 2 prosent er mellombels tilsette i deltidstillingar.

**Tabell 21 Er du fast eller mellombels tilsett? Prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?		Total
	Grunnskule	Vidaregåande	
Fast tilsett i full stilling?	73 %	83 %	75 %
Fast tilsett i deltidstilling?	16 %	10 %	14 %
Mellombels tilsett i full stilling?	9 %	6 %	8 %
Mellombels tilsett i deltidstilling?	3 %	2 %	3 %
	100 %	100 %	100 %





## Biblioteket i skulen

### Er det skulebibliotek på skulen?

Tabell 22 Har skulen eige skulebibliotek? Absolutte tal og prosentar

	Grunnskule			Vidaregåande	
	Tal svar	Prosent	Skulebibl.-gransking - 97	Tal svar	Prosent
Ja, vi har eige skulebibliotek	1112	86,7 %	85,3 %	103	93,6 %
Ja, vi har kombinasjonsbibliotek med folkebiblioteket	137	10,7%	12,6 %	5	4,5 %
- lokalisert på skulen	118	9,2 %			
- lokalisert utanfor skulen	19	1,5 %			
Nei, men vi har anna organisering av bibliotekfunksjonen	24	1,9 %			
Nei	10	0,8 %	2,0 %	2	1,8 %
Svar i alt	1283	100,0 %		110	100,0 %

Det er 19 skular (1,5 %) som brukar det kommunale folkebiblioteket som skulebibliotek.<sup>3</sup> I granskinga i -97 vart det ikkje skilt klart mellom det å ha kombinasjonsbiblioteket lokalisert på skulen eller ved folkebiblioteket. Ved å gjere denne kombinasjonen fekk vi fram svar som meir direkte tilsvare spørsmålsformuleringa i 1997.

Det ser ikkje ut til å ha skjedd særleg endring i mønsteret i denne perioden. Det er 97,4 % av grunnskulane som svarar at dei har tilgang til skulebibliotek, anten som eige bibliotek på skulen (86,7 %) eller kombinasjonsbibliotek i samarbeid med folkebiblioteket i kommunen (10,7 %). Skulebibliotekgranskinga for grunnskulen i 1997 viste at det då var 97,9 % av grunnskulane som hadde tilgang til skulebibliotek, anten som eige bibliotek på skulen (85,3 %) eller kombinasjonsbibliotek i samarbeid med folkebiblioteket i kommunen (12,6 %).

For tilhøvet mellom grunnskule og vidaregåande kan vi sjå at det er enno meir vanleg å ha eige skulebibliotek i den vidaregåande skulen – 93,4 % svarar her at skulen har eige skulebibliotek.

<sup>3</sup> I Tabell 22 har vi også inkludert svare frå spørsmål om korleis dei som ikkje har eige skulebibliotek på skulen har organisert bibliotekfunksjonen for å få meir detaljert fram korleis situasjonen er.

**Tabell 23 Har skulen eige skulebibliotek? Fordelt etter skulestorleik. Prosent**

		Ja	Ja, har kombinasjonsbibliotek med folkebiblioteket på skulen		Nei	Skular som svara	
			%	%		%	%
Grunnskule	1 - 49 elevar	80 %	11 %	9 %	100 %	203	
	50 - 99 elevar	78 %	15 %	7 %	100 %	175	
	100 - 49 elevar	85 %	12 %	3 %	100 %	478	
	300 elevar eller fleire	95 %	3 %	2 %	100 %	427	
		87 %	9 %	4 %	100 %		
		1112	118	53	1283	1112	
Vidaregåande	1 - 49 elevar	71 %	14 %	14 %	100 %	7	
	50 - 99 elevar	88 %	13 %	0 %	100 %	8	
	100 - 49 elevar	90 %	7 %	3 %	100 %	29	
	300 elevar eller fleire	98 %	2 %	0 %	100 %	66	
		94 %	5 %	2 %	100 %		
		103	5	2	110	103	

Det er i stor grad dei minste skulane som ikkje har skulebibliotek. Tabell 23 viser at det er høvesvis 9 % og 7 % av dei minste grunnskulane (1-49 elevar og 50 – 99 elevar) som ikkje har skulebibliotek på skulen. For dei største er tala 3% og 2 %.

For vidaregåande skule er tilsvarande tal 14 % for skular med 50 – 99 elevar (merk at datagrunnlaget er lite, 1 av i alt 7 skular i denne storleikskategorien). For vidaregåande skule manglar vi informasjon om elevtalet frå 115 av 226 skular. Difor omfattar denne tabellen berre ca 50 % av svara frå dei vidaregåande skulane.

Av datamaterialet går det elles fram at ca halvparten av dei grunnskulane som ikkje har skulebibliotek brukar kommunen sitt folkebibliotek som skulebibliotek, utan at dette er lokalisert på skulen. For dei resterande vart situasjonen helst forklara med at ein hadde ein del bøker, plassert rundt på skulen, men dei var ikkje systematisert og det vart ikkje drive organisert utlån, slik at ein ikkje definerte dette som skulebibliotek.

Det går elles fram at skuleleiarane i grunnskulen noko oftare svarar at skulen ikkje har skulebibliotek enn kva skulebibliotekansvarlege gjer (5 % mot 1 %). Dette kan ha samanheng med at vi hadde høgare svarandel frå skuleleiarar frå dei minste skulane, og som vi såg ovanfor er det desse skulane som oftast manglar skulebibliotek.

Vi kan oppsummere med å seie at det ikkje er noko som tydar på at det har skjedd vesentlege endringar for det å ha eller ikkje ha skulebibliotek sidan granskinga i -97. Det er dei små skulane som i størst grad manglar skulebibliotek.

## Om skulebiblioteklokala

I grunnskulen ser vi at 16 % svarar at skulebiblioteket held til i rom som også er nytta som klasserom (Tabell 24). Samanlikna med granskinga i 1997 er dette ein reduksjon frå 40 %. Vidare svarar 78 % at dei har skulebibliotek i egne lokale eller lokalisert til skulen sine fellesareal. Det er lite skilje mellom svara frå skulebibliotekansvarleg og frå skuleleiar.


For vidaregåande skular ser vi at det for om lag 95 % av skulane er slik at biblioteket anten har egne lokale eller er del av skulen sine fellesareal. Nesten ingen nemner andre løysingar.

**Tabell 24 Korleis er skulebiblioteket integrert i skulen sitt fysiske miljø? Fordelt etter skuleslag og funksjon. Prosent**

	Har egne lokale	Er integrert i skulen sitt fellesareal	Lokala er også klasserom	Lokalisert utanfor skulen	Andre løysingar	Svar i alt
<b>Grunnskule</b>						
Skulebibliotekansvarleg	53 %	27 %	15 %	1 %	3 %	100 %
Skuleleiar/rektor	50 %	25 %	17 %	4 %	5 %	100 %
I alt	52 %	26 %	16 %	2 %	4 %	100 %
<i>Tal svar</i>	<i>818</i>	<i>413</i>	<i>255</i>	<i>39</i>	<i>62</i>	<i>1587</i>
<b>Vidaregåande</b>						
Skulebibliotekansvarleg	79 %	15 %	3 %	2 %	1 %	100 %
Skuleleiar/rektor	73 %	24 %	1 %	1 %	1 %	100 %
I alt	77 %	18 %	2 %	2 %	1 %	100 %
<i>Tal svar</i>	<i>239</i>	<i>57</i>	<i>7</i>	<i>5</i>	<i>3</i>	<i>311</i>

## Opningstider ved skulebiblioteket

75 % av grunnskulane og 87 % av dei vidaregåande held skulebiblioteket ope heile skuledagen eller i heile skulen si opningstid. For grunnskulane er dette ein auke frå 66 % i 1997, noko som tyder på ei positiv utvikling her. Vi kan elles merke oss at det er sterk auke i talet på dei som svarar at biblioteket er ope heile skulen si opningstid.



**Figur 13** Kor lenge held skulebiblioteket ope? Fordelt på skuleslag, prosent.

For betre å kunne samanlikne med data frå 1997 har vi nytta opplysningar om kor mange timar biblioteket held ope ( tilgjenge for elevane ). Desse har vi kategorisert på same vis som det vart gjort i 1997 (%-del av skuletida). Vi viser resultatet i Tabell 25 nedanfor.


**Tabell 25** Kor stor del av skuledagen held de ope? Svar frå skulebibliotekansvarlege og skuleleiarar, fordelt på skuleslag og samanlikna med granskinga i grunnskulen i 1997. Prosent

	Grunnskule 2006	Grunnskule 1997	Vidaregåande 2006
Mindre enn 10 % av opningstida	1 %	7 %	0 %
Mellom 10 og 50 % av opningstida	5 %	17 %	1 %
Meir enn 50% men ikkje heile skuletida	7 %	10 %	16 %
Heile skuletida	59 %	62 %	68 %
Utover skuletida	25 %	4 %	13 %
Ikkje opplyst	3 %	-	2 %
Sum	100 %	100,0 %	100 %

Vi kan her sjå at det har skjedd ei systematisk endring i grunnskulen i retning av lenger opningstid ved skulebiblioteket. I 1997 var det 24 % som svara at skulebiblioteket var ope 50% eller mindre av skuletida. I 2006 var tilsvarande tal 6%. Tilsvarande ser vi at det i 2006 er 84 % som svarar at skulebiblioteket held ope i skuletida eller utover dette. I 1997 var talet her 66 %. Det er særleg prosentdelen av skular som held ope ut over skuletida som har auka – frå 4 % i 1997 til 25 % i 2006.

## Tilgjengeleg personalressurs

Vidare spurde vi etter tal for samla personalressurs tilordna skulebiblioteket. Også her kunne vi samanlikne direkte med tal frå granskinga som vart gjort i grunnskulen i 1997. Resultata er viste i Figur 14




**Figur 14** Kor mange timar per veke utgjer den samla personalressurs sett av til skulebibliotekarbeid? Grunnskule 1997 og 2006, vidaregåande skule 2006, prosent

Mest markant er skiljet mellom vidaregåande og grunnskule. Tala for 2006 viser at den vidaregåande skulen hadde 56 % av skulane ein personalressurs til skulebiblioteket på 20 timar eller meir i veka. Tilsvarande tal for grunnskulen var 5%.

For grunnskulen har det skjedd ei viss endring sidan 1997. Dette er særleg merkbart for skular som har ein ressurs på 1/2 time eller mindre. I 1997 gjaldt dette for 29 % av svara, i 2006 er dette redusert til 7 %. I grunnskulen har det skjedd eit skift oppover, slik at det no er om lag dobbelt så stor prosentdel som har ope frå 2 timar til full veke.


## Gi rom for lesing



**Figur 15** Har det blitt diskutert korleis skulen skal forhalde seg til dei tiltaka som gjeld skulebibliotek i forbindelse med tiltaksplanen "Gi rom for lesing"? Fordelt etter skuleslag og funksjon. Prosent

Vi kan først merke oss at 'Gi rom for lesing' først og fremst ser ut til å vere aktuelt på grunnskulenivået. Heile 55 % av dei som svarar opplyser at det har blitt diskutert korleis ein skal forhalde seg til dei tiltaka som gjeld skulebiblioteket mot berre 12 % frå vidaregåande,

For grunnskulen ser vi at 72 % av skuleleiarane meiner dette har blitt drøfta, mot 45 % av dei bibliotekansvarlege og lærarane. Biletet er annleis for dei vidaregåande skulane der ingen av dei skulebibliotekansvarlege svarar at dette har vore drøfta mot høvesvis 25 og 20 % av skuleleiarane og lærarane.



**Figur 16 Kva område i "Gi rom for lesing" har blitt følgt opp. Fordelt på skuleslag. Prosent<sup>4</sup>**

Denne figuren viser ei oversikt over kva tiltak skulane har følgt opp. Som vi såg frå førre spørsmålet, så er det grunnskulane som i størst grad er engasjert inn mot 'Gi rom for lesing'. Dette viser også att i aktivitet knytt til dei ulike tiltaka.

Vi ser frå figuren at 2/3 av dei som svarta seier at ein satsar meir på å samarbeide med folke- og fylkesbibliotek og at halvparten av svarta frå grunnskulane seier at ein har utarbeidd eigen "Plan for lesing" som inkluderer bruk av biblioteket. 44 % seier at dei er aktive kring innkjøp av bøker og 43 % svarar at dei har starta prosjektutviklingsarbeid som aktivt inkluderer skulebiblioteket. Det er også god oppslutnad om dei andre aktuelle områda. Berre det som gjeld tilbod om etter- og vidareutdanning inn mot skulebiblioteket skårar lågt (11 %).

Biletet er noko annleis for vidaregåande enn for grunnskulen. Her ser vi at det er flest som svarar at ein er aktiv i å delta på regionale konferansar og kurs (44 %), knytt til innkjøp av bøker (40 %) og at ein har starta prosjektutviklingsarbeid (38 %). Plan for lesing, samarbeid med kultursektor om litteraturformidling og tilbod om etter- og vidareutdanning skårar alle svært lågt i den vidaregåande skulen (mindre enn 10 %)

<sup>4</sup> Merk at ein her hadde høve til å velje fleire alternativ, slik at summen av tiltaka blir over 100 %.





## Korleis brukar lærarane skulebiblioteket?

### **Brucar du skulebiblioteket i førebuingane til undervisninga?**

I grunnskulen ser vi at det er heile 89% av lærarane som brukar skulebiblioteket i sine førebuingar (**Error! Not a valid bookmark self-reference.**). Av desse svarar 25 % at dei brukar det ofte, 64 % av og til. For vidaregåande er nivået noko lægre, 18 høvesvis 61 prosent. Men dette gjev klart eit bilete av at lærarar flest brukar skulebiblioteket i førebuingane til undervisninga. Vi ser elles at dei nyttilsette (0-4 år ved skulen) i grunnskulen i mindre grad enn dei med lengre erfaring nyttar biblioteket i førebuingane (19 % av desse brukar det ikkje mot ca 5 % for dei som har vore tilsett 15 år eller lenger). Same fordelinga får vi om vi legg lærarane sin alder til grunn (18 % mot 5 %). I vidaregåande skule er det og samanheng mellom tilsetjingstid og i kva grad ein brukar biblioteket i førebuingane. Blant dei nyttilsette (0-4 år) svarar 34 % at dei ikkje brukar biblioteket i førebuingane, blant dei som har vore tilsett over 10 år er prosentdelen 17 %.

**Tabell 26 Brukar du skulebiblioteket i dine førebuingar til undervisninga? Lærarar, prosent**

	Kva skuleslag arbeider du ved?		Total
	Grunnskule	Vidaregåande	
Ja, ofte	25 %	18 %	24 %
Ja, av og til	64 %	61 %	63 %
Nei	11 %	22 %	13 %
	100 %	100 %	100 %
	1032	273	1305

### **Korleis vert skulebibliotekressursen brukt av lærarane?**

Vi presenterte tre påstandar om korleis den enkelte brukte biblioteket i førebuingane. Vi presenterer her tala for alle lærarane under eitt, både grunnskule og vidaregåande (Tabell 27). Dette av di det her ikkje var nemnande skilje mellom dei to skuleslaga.


**Tabell 27 Trekkjer du skulebiblioteket aktivt inn i førebuinga av undervisninga? Prosent**

	Eg nyttar meg av biblioteket sine ressursar på eiga hand.	Eg samarbeidar med bibliotekpersonalet om å finne bakgrunnsstoff.	Eg samarbeidar aktivt med bibliotekpersonalet om planlegging av det pedagogiske opplegget.
I svært stor grad	10 %	7 %	2 %
I stor grad	30 %	19 %	6 %
I nokon grad	48 %	40 %	21 %
I liten grad	9 %	21 %	36 %
I svært liten grad	2 %	13 %	36 %
	99 %	100 %	101 %
Svar i alt	1 112	1 066	1 035

Dei tre påstandfane respondentane vart bedne ta stilling til inneber i ulik grad aktivt samarbeid mellom lærar og biblioteksansvarleg. Frå den første, som ikkje fordrar aktivt samarbeid i det heile, til den tredje som fordrar stor grad av aktivt samarbeid og involvering frå baa partar.

Svara gjev eit bilete av at lærarane først og fremst brukar skulebiblioteket til på eiga hand å finne fram til dei ressursar dei har behov for (40 % svara at dei gjorde dette i svært stor eller stor grad). Tilsvarande er det 26 % som svarar at dei i svært stor/stor grad samarbeider med personalet om å finne bakgrunnsstoff, medan berre 8 % svarar at dei aktivt samarbeider med personalet om planlegging av det pedagogiske opplegget.

Nedanfor viser vi nærare korleis svara fordelte seg mellom dei av lærarane som sa dei brukte skulebiblioteket ofte i sine førebuingar og dei som brukte det av og til.




**Figur 17 I kva grad nyttar du deg av biblioteket sine ressursar på eiga hand? Vist for dei som svara "ofte" og "av og til" Lærarar i alt, prosent**

Figur 18 viser at dei som svara at dei ofte brukte biblioteket i sine førebuingar særleg nyttar dette på eiga hand. 27 % av desse svarar at dei i svært stor grad nyttar bibliotekressursane på eiga hand, 54 % i stor grad. Dei som meir uregelmessig ("av og til") brukar biblioteket i førebuingane svarar langt hyppigare at dei brukar ressursane på eiga hand i nokon grad (60%). Men for begge desse kategoriane ser vi at det nesten ikkje er nokon som svarar at dei berre i liten eller svært liten grad brukar bibliotekressursen på eiga hand.


På påstanden om ein samarbeider med bibliotekpersonalet om å finne bakgrunnsstoff, ser vi at tendensen er den same som for førre påstanden for baa dei to kategoriane, men at nivået er lågare (Figur 18). Det er likevel 57% av dei som svara "ofte" som i svært stor eller stor grad

samarbeider med bibliotekpersonalet om å finne bakgrunnsstoff, mot berre 15 % for dei som svara at dei av og til brukar biblioteket i førebuingane. 41 % av desse svarar at dei berre i liten eller svært liten grad samarbeider med bibliotekpersonalet om dette.

Samarbeid med bibliotekpersonalet om det pedagogiske opplegget er lite vanleg (Figur 19). Men også for denne påstanden ser vi at dei som er mest aktive å bruke biblioteket i sine egne førebuingar også er dei som mest hyppig samarbeider om å planlegge det pedagogiske opplegget (21 % av desse samarbeider her i svært stor eller stor grad, mot ca 4 % for dei som brukar biblioteket av og til i førebuingane.




**Figur 18** I kva grad samarbeider du med bibliotekpersonalet om å finne bakgrunnsstoff? Vist for dei som svara "ofte" og "av og til" Lærarar i alt, prosent



**Figur 19** I kva grad samarbeider du med bibliotekpersonalet om planlegging av det pedagogiske opplegget? Vist for dei som svarta "ofte" og "av og til"  
Lærarar i alt, prosent

### Bruk i dei enkelte faga

I og med at det vert undervist i ulike fag i grunnskulen og i vidaregåande skule, stilte vi her ulike spørsmål til lærarane i grunnskulen og vidaregåande skule. For lærarar i vidaregåande skule bad vi og om at dei svarta for programfaga (etter inndeling som gjeld frå og med hausten 2006)



**Figur 20** I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Grunnskule


## Grunnskulen

Som Figur 20 viser, er det særleg i norsk (50 %), samfunnsfag (41 %) og naturfag (37 %) at lærarane brukar skulebiblioteket i svært høg eller høg grad. Det er og nokre fag som merkar seg ut med at ein ikkje brukar biblioteket i det heile tatt ( kroppssøving – 57%; programfag til val - 46 %; andre språkfag – 44 %). For kroppssøving var svarfordelinga som venta. Programfag til val er ein relativt ny fagkategori som det var å vente ikkje hadde særleg tilgjengeleg materiale enno.


## Vidaregåande

For vidaregåande skule er det eit problem at talet på svar her er så pass lågt at det er vanskeleg å lage prosentvise framstillingar. Vi viser likevel tala for illustrasjonens skuld.

Her kan vi merke oss at programfaga skårar relativt høgt (37 % svarar dei her brukar skulebiblioteket i svært høg/høg grad). Dette kan bl.a. skuldast at desse er så pass nye at lærarar flest har behov for å finne stoff/informasjon ut over det ein alt hadde tilgjengeleg, eller at ein på grunn av at programfaga er nye har trong for fagleg oppdatering.



**Figur 21** I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Vidaregåande



**Figur 22** I kva grad brukar du biblioteket i dei fag du underviser i? Vidaregåande, programområde og utdanningsprogram

## Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket?

**Tabell 28** Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket? Vist for dei som svarta 'Ja'. Grunnskule, prosent og absolutte tal.

	I ordinære skuletimar	I tema- og prosjektarbeid	I leksearbeidet	Til lesing av faglitteratur	Til lesing av skjønnlitteratur	For å øve opp lesedugleik	For å lære data/IT
Barneskule, N = 640	70 %	79 %	36 %	70 %	85 %	84 %	19 %
Barne- og ungdomsskule N = 234	67 %	85 %	45 %	67 %	78 %	68 %	13 %
Ungdomsskule, N = 155	54 %	90 %	54 %	55 %	68 %	41 %	22 %
Grunnskule i alt N = 1033	67 %	82 %	41 %	67 %	81 %	74 %	18 %
Tal	687	848	420	689	836	764	188

Vi ser det er stor grad av samsvar mellom dei ulike skuletypene i grunnskulen i kva ein særleg oppmodar elevane å bruke biblioteket til. Tema- og prosjektarbeid skårar høgast (82 %), tett fylgt av lesing av skjønnlitteratur (81 %). I grunnskulen er også oppøving av lesedugleik viktig – heile 74 % svarar at dei oppmodar elevane å bruke biblioteket til dette. 2/3 av lærarane svarar dei oppmodar elevane om å bruke biblioteket til å lese faglitteratur og i det daglege skulearbeidet. Berre 41 % at dei gjer dette i forhold t til leksearbeidet.


**Tabell 29** Oppmodar du elevane om aktivt å bruke skulebiblioteket? Vist for dei som svarta 'Ja'. Vidaregåande skule, prosent og absolutte tal.

	I ordinære skuletimar	I tema- og prosjektarbeid	I leksearbeidet	Til lesing av faglitteratur	Til lesing av skjønnlitteratur	For å øve opp lesedugleik	For å lære data/IT
Allmenn og yrkesfagleg, N = 192	54 %	91 %	61 %	52 %	48 %	18 %	12 %
Allmennfagleg, N = 34	32 %	88 %	56 %	53 %	35 %	0 %	15 %
Yrkesfagleg, N = 46	50 %	83 %	52 %	57 %	37 %	26 %	20 %
Vidaregåande i alt N = 272	50 %	89 %	59 %	53 %	45 %	17 %	14 %
	137	243	161	143	122	47	37

Vi ser eit noko annleis bilete for dei vidaregåande skulane. Her kan vi merke oss at ein, som vi kunne vente, ikkje legg same vekt på å øve opp lesedugleik (17 % her mot 74 % i grunnskulen). Elles er det berre tema- og prosjektarbeid som har tilsvarende høg skåre som

for grunnskule. For dei andre alternativa er det i vidaregåande skule kring 50% som svarar stadfestande på spørsmålet.

## Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar?



**Figur 23** Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar? Svar frå lærarar, prosent

I forhold til praktisk opplæring i bruk av biblioteket er det berre i liten grad skilnad mellom vidaregåande og grunnskule (viser grunnskular samla, i og med det ikkje var skilnad mellom ulike skuletypar her). Det vi kan merke oss er at det er noko lågare prosentdel som svarar ja på spørsmålet frå dei reine yrkesfaglege skulane enn frå dei andre på vidaregåande nivå. Tala for Vaksenopplæring gjeld berre 4 svar, og kan difor ikkje leggast vekt på her.

### Fordelt etter alder:

Vi ser at dei yngste lærarane i langt større grad svarar at dei ikkje veit om elevane får slikt tilbod. Dette gjeld både i grunnskule og vidaregåande (Tabell 30).



**Tabell 30 Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar? Lærarar, vist for skuleslag og alderskategoriar**

		Får dine elevar tilbod om praktisk opplæring i å bruke biblioteket sine ressursar?				
		Ja	Nei	Veit ikkje		
Grunnskule	20 - 29 år	57 %	17 %	26 %	100 %	100
	30 - 49 år	75 %	13 %	12 %	100 %	571
	50 - 59 år	82 %	12 %	7 %	100 %	265
	60 - 67	76 %	17 %	8 %	100 %	66
		75 %	13 %	12 %	100 %	1002
Vidaregåande	20 - 29 år	65 %	12 %	24 %	100 %	17
	30 - 49 år	81 %	6 %	13 %	100 %	130
	50 - 59 år	83 %	6 %	11 %	100 %	90
	60 - 67	70 %	20 %	10 %	100 %	30
		79 %	8 %	13 %	100 %	267

### **Fordelt etter geografi (grunnskule)**

Det er eit visst sprik mellom fylka, frå Aust Agder, Rogaland, Oslo, Troms og Akershus som alle har over 80 % av lærarane som svarar at elevane får slik tilbod, til Nord Trøndelag, Møre og Romsdal og Vest Agder der berre ca 60 % svarar det same.

På den andre sida viser ikkje dette noko eintydig geografisk mønster. Blant fylka i toppen av skalaen finn vi både sentrale austlandsfylke som Oslo og Akershus, men også Troms.

Om vi ser på skulestorleiken, er det dei største skulane som oftast gjev elevane tilbod om opplæring i bruk av biblioteket (77 % svarar her at elevane får slik tilbod mot 70 % for skular med under 100 elevar). Dei fylka som her skåra lågast var alle slike som har relativt stor prosentdel små skular


### **Fordelt etter geografi (Vidaregåande)**

For vidaregåande skular er det eit noko større sprik. I fire fylke svarar 100 % av lærarane at slik tilbod vert gjeve, i åtte fylke er det mellom 80 og 95 % som svarar at tilbodet vert gjeve, men i fire fylke er det 50 % eller færre som svarar dette (Møre og Romsdal, Rogaland, Sør Trøndelag og Sogn og Fjordane). Men det er ikkje her nokon klar tendens til at dette er fylke med overvekt av mindre skular, som også for vidaregåande viser å skåre noko lægre enn dei større. Det vi veit er at vi både frå Rogaland og frå Sør-Trøndelag fekk få svar frå lærarar, slik at resultatet for desse vil vere mindre til å lite på.

## Kva inneheld opplæringa?

Lærarane vart bedne ta stilling til i kva grad opplæringa av elevane i bruk av skulebiblioteket inneheldt eit eller fleire av liste med fleire element. Ein skulle gradere svara etter ein fast skala (I svært høg grad, I høg grad, I nokon grad, I liten grad og Ikkje i det heile tatt). Prosentdelen som svara ”Ikkje i det heile tatt” låg kring 5-6 prosent for baa skuleslaga for baa skuleslaga. Dette tyder på at, om enn i varierende grad, så vert alle elementa dekkja i den opplæringa som vert gjeve.

I figuren nedanfor har vi slått saman svara for ”I svært stor grad” og ”I stor grad”, og viser dei for kvart av dei fem elementa, fordelt på skuleslag.




**Figur 24** I kva grad inneheldt opplæringa eitt/fleire av desse elementa? Vist for lærarar i grunnskule og vidaregåande, Prosent som svara svært stor/stor grad.

Vi ser eit systematisk skilje mellom skuleslaga. Svara frå lærarane i vidaregåande tyder på at ein der generelt legg meir vekt på desse elementa i brukaropplæringa, i og med at dei alle ligg kring 10 prosentpoeng høgare enn for svara frå grunnskulelærarane.

For baa skuleslaga er det å søke etter informasjon og det å kunne velje ut relevant informasjon mest vektlagt, samt det å lære korleis ein kan gjere seg nytte av denne informasjonen. I vidaregåande inneheld opplæringa og i stor grad det å kunne vurdere den informasjonen ein

finn fram – dette elementet får relativt lågare oppslutnad blant grunnskulelærarane. Både skuleslaga er samde om at opplæringa i minst grad går på det å identifisere eige informasjonsbehov.

### **Kven har ansvar for å rettleie elevane når dei brukar skulebiblioteket i sitt læringsarbeid?**




**Figur 25** Kven har ansvar for å rettleie elevane når dei brukar skulebiblioteket i sitt læringsarbeid? Vist for lærarar i grunnskule og vidaregåande. Prosent

På dette spørsmålet ser vi at det skiljet vi såg frå bemanninga av skulebiblioteka også viser att her. Knapt halvparten (47% frå grunnskule og 45 % frå vidaregåande) svarar at ansvaret er delt mellom bibliotekansvarleg og lærar. Men så deler skuleslaga seg slik at det for vidaregåande er 41 % som seier at bibliotekansvarleg er den som står for dette, medan ein i grunnskulen svarar at lærarane er dei som tek denne rettleiinga (36 %). Det er vidare stor grad av semje om at elevane slepp å ta ansvar for dette sjølve, berre 4 (grunnskule) høvesvis 5 (vidaregåande) prosent svarar dette.



## Elevane om sitt bruk av skulebiblioteket

### Kor ofte besøker du biblioteket?



**Figur 26** Kor ofte besøker du skulebiblioteket? Vist for elevar frå grunnskule og vidaregåande. Prosent

Vi ser at elevane flest besøker skulebiblioteket ein gang i veka eller oftare (72 % grunnskule, 66 % vidaregåande). Kan her merke oss at det er skilje, slik at ein på vidaregåande i langt større grad besøker biblioteket oftare (40 mot 20 % som svara at dei besøker biblioteket fleire gonger i veka).


### Skulestorleik

Det er ein svak tendens til at elevar frå dei minste skulane i noko større grad besøker biblioteket ein gong eller meir i veka, men denne kategorien utgjer berre 10 % av svara, så vi vil ikkje legge for mykje vekt på dette. Vi ser same tendensen både for grunnskule og for vidaregåande skular, men den er svak.

### Kjønn

Det er ingen nemnande skilnad mellom gutar og jenter i kor hyppig dei besøker biblioteket.

## Skular i byer, tettstadar eller spreitdbygde område



**Figur 27 Kor ofte besøker du skulebiblioteket. Prosentdel som svarte ein gong i veka eller oftare. Fordelt etter kommunedel og -type.**

Skilje i besøkshyppigheit er små mellom by og bygd. Frå skular i byar som ikkje ligg i bysentrum svarar elevane i grunnskulen noko oftare at dei besøker biblioteket meir ofte, men det er ikkje store skilnadane mellom dei ulike kategoriane.


### Fordelt etter årstrinn:

Grunnskule: vi ser at prosentdelen som brukar skulebiblioteket sjeldnare enn ein gong i månaden er høgast for 9. og 10. årstrinn. Der svara høvesvis 22 og 19 % at dei brukte skulebiblioteket sjeldnare enn ein gong i månaden. For elevar i 6.7. og 8. årstrinn låg svara mellom 7 og 9 prosent.

I vidaregåande ser det ut til at tendensen er den motsette, der er det fleire som brukar skulebiblioteket hyppig dess høgare årstrinn. Dette kan ha samband med at 1. årstrinn på det tidspunkt granska vart gjennomført enno ikkje hadde etablert bruksvanar (i september – etter mindre enn ein månads skulegang)

## Kva brukar elevane biblioteket til?

Dei elevane som på førre spørsmål svarte dei brukte biblioteket ein gong i månaden eller oftare vart bedne om å svare på i kva grad dei brukte tid på eit utval av aktivitetar ved biblioteket.



**Figur 28** Når du er på biblioteket, i kva grad brukar du tid på desse aktivitetane?

I grunnskulen går det mest tid til å finne godt lesestoff (52 %), til å lese bøker (47 %) og til skulearbeid (40 %). Topp tre for vidaregåande er skulearbeid (53 %), surfe på Internett (49 %) og leksearbeid (34 %). Dette kan tyde på at bibliotekbruken i vidaregåande skule er meir retta direkte mot bruk i skule- og leksearbeid, medan det i grunnskulen har sterkare karakter av å ha med generell lesetrening å gjere. Dette er i så fall i tråd med det lærarane svarte på spørsmål om kva dei oppmoda elevane om å bruke skulebiblioteket til (Tabell 28, Tabell 29)

### Fordelt på skuleslag og kjønn:


For grunnskulen er det lite skilje. Tendensane er dei same men jentene skårar i regelen ca 5 % høgare på alle aktivitetane.

I vidaregåande er det større skilje mellom gutar og jenter i korleis dei brukar biblioteket. 60% av jentene mot 42 % av gutane svarte at dei i stor/svært stor grad brukar biblioteket til skulearbeid og 39 mot 26 % at dei brukar det i svært stor/stor grad til leksearbeid. Gutane

brukar noko hyppigare biblioteket for å lese aviser, blad m.v. (31 mot 26 %), bruke diverse utstyr som t.d. kopimaskin (42 mot 37 %) og surfing på Internett m.m. (42 mot 37 %).

### ***Kva brukar du biblioteket til i skularbeidet?***

Vi bad elevane svare på kva dei brukte skulebiblioteket til i skularbeidet sitt. Vi viser dette for elevar i grunnskulen i Figur 29 nedanfor



**Figur 29 Kva brukar du biblioteket til i skularbeidet? Elevar i grunnskulen**

Elevane svarta at dei brukte skulebiblioteket mest til å finne informasjon og opplysningar på data/Internett /37 % svarta her i svært høg/høg grad) og i oppslagsverk og leksikon (33 %). Vidare at dei brukte skulebiblioteket til å finne tillegglitteratur ut over pensumbøkene (31 %).


Ut frå svarta ser det ikkje ut til å vere særleg vanleg å bruke biblioteket til å lese pensumbøker, og det er få som i særleg grad nyttar seg av biblioteket sin katalog (67 % av elevane i grunnskulen gjer ikkje det i det heile tatt).

### **Fordelt etter kjønn**

Det er lite skilnad mellom kjønna kva gjeld den relative fordeling mellom desse aktivitetane, men vi ser at jentene i regelen skårar høgare. Prosentdelen jenter som svarta at dei brukar dette i skularbeidet ligg jamt 5 – 10 prosentpoeng høgare.



For elevar i vidaregåande skule ser vi mykje same mønsteret i kva dei brukar biblioteket til i skularbeidet (Figur 30). Dette gjeld også fordelinga mellom gutar og jenter.




**Figur 30** Kva brukar du biblioteket til i skularbeidet? Elevar i vidaregåande skule

## Kvifor vel elevar å ikkje bruke biblioteket?

Vi bad dei elevane som svara dei brukte skulebiblioteket sjeldnare enn ein gong i månaden å ta stilling til eit sett av påstandar om kvifor dei ikkje brukte biblioteket i særleg grad. Vi viser svarfordelinga i figurane nedanfor

### Grunnskulen



**Figur 31** I kva grad er du samd i at følgjande faktorar forklarar at du sjeldan brukar biblioteket? Grunnskule.

Desse elevane sluttar sterkt opp om påstanden om at dei vanlegvis finn det dei treng heime eller andre stader (52 %), eller at dei finn det på folkebiblioteket (41 %). Det er også ein viss oppslutnad om påstandane om at læraren aldri tek med elevane til skulebiblioteket (32 %), at dei ikkje har tid til å gå dit (31 %) og at utvalet i blad og bøker er for lite (31 %).

I den andre enden av skalaen ser vi at det ikkje er mange som grunnjev manglande bruk med at lokala er dårlege eller lite høvelege. 67% avviser påstanden om at det er tungvint å kome seg dit, heile 48 % avviser at opningstida er for kort og 43 respektive 36 % avviser at lokala ikkje er trivelege eller at det ikkje er hyggeleg å vere der.


Dette tyder på at elevar i grunnskulen ser biblioteket som ein Ok plass å vere, og som ikkje er så verst brukarvenleg, men at dei meiner seg å ha gode grunnar for kvifor dei ikkje brukar biblioteket (først og fremst fordi dei ikkje opplever å ha behov for å skaffe kunnskapane derifrå).

I grunnskulen var det ikkje så store skilje mellom grunngjevingane til gutane og jentene. Vi viser eit par døme:




**Figur 32** Det er for lite utval i bøker og blad. Svar frå elevar i grunnskulen

At det er for lite utval i bøker og blad (Figur 32) er ein påstand som gutane sluttar sterkare opp om enn jentene (38 mot 32 % som svarar i svært stor/stor grad). På den andre sida ser vi at det er fleire jenter enn gutar som meiner at det er betre å bruke folkebiblioteket (Figur 33). Om vi skulle trekkje ein konklusjon ut av dette, så kan det sjå ut til at det alt i grunnskulen ser jentene ut til å ha ein meir bevisst bruk av biblioteket, medan gutane meir brukar det til ”fritidslesing” og liknande.



**Figur 33** Det er mykje betre å bruke folkebiblioteket. Svar frå elevar i grunnskulen

## Vidaregåande:




**Figur 34 I kva grad er du samd i at følgjande faktorar forklarar at du sjeldan brukar biblioteket? Vidaregåande skule**


Vi ser det er mykje same vektinga i vidaregåande som i grunnskulen når elevane skal forklare at dei sjeldan brukar biblioteket. Heile 79 % meiner i stor/svært stor grad å finne den informasjon dei treng heime eller andre stader og 46 % seier at læraren aldri tek dei med til biblioteket. Men vi ser her at 42 % gjev opp som grunn at dei ikkje likar å lese og at 40 % ikkje brukar biblioteket fordi dei ikkje treff venene sine der. I andre enden av skalaen ser vi det same som for grunnskulen: det er ikkje den fysiske utforminga av lokala som gjer at biblioteka ikkje vert brukt. Langt dei fleste har eit positivt inntrykk av kvalitet og tilgjenge på lokala biblioteket held til i.

Nedanfor presenterer vi svara frå elevane i vidaregåande skule for nokre av desse påstandane, fordelt på gutar og jenter.

Eit par av påstandane gav markante skilje mellom kjønna. Vi ser t.d. at gutane i vidaregåande i langt større grad enn jentene meiner at dei finn det dei treng andre stader (67 mot 38 % meiner dei i svært stor grad finn det dei treng andre stader - Figur 35).




**Figur 35** Eg finn den informasjon eg treng heime eller andre stader



**Figur 36** Eg likar ikkje å lese.


Det er også skilje i andelen som ikkje likar å lese (Figur 36), 37 % av gutane mot 24 % av jentene gjev uttrykk for at det at dei ikkje likar å lese i svært stor grad forklarar manglande bruk av biblioteket.

Figur 37 viser også at gutane er mykje meir opptatt av at biblioteket ikkje er ein stad der dei kan treffe sine vener (36 mot 15 %)



**Figur 37** Eg treff ingen av venene mine der


Påstanden om at ein ikkje brukar biblioteket fordi det er vanskeleg å finne fram der (Figur 38) vert i stor grad vert avvist av jentene (33 % avviser påstanden mot 22 % for gutane), medan gutane i langt større grad er samde i påstanden om at dette er med å bidra til at dei ikkje brukar skulebiblioteket (17 % mot 4 % seier dette bidreg i svært stor grad)



**Figur 38** Det er vanskeleg å finne fram til det eg treng.

## **Ber du bibliotekaren om hjelp til å finne det du er ute etter på biblioteket?**

Vi er opptekne av kva rolle bibliotekaren spelar – og då også i kva grad elevane vel å bruke fagpersonen til å hjelpe seg. Vi spurde difor om og i kva grad dei brukte skulebibliotekaren til å hjelpe seg finne det dei var ute etter på biblioteket (Figur 39).




**Figur 39 Ber du bibliotekaren om hjelp til å finne det du er ute etter på biblioteket? Fordelt på grunnskule og vidaregåande. Prosent**

Vi ser ein tendens til at elevar i vidaregåande i noko større grad enn i grunnskulen ber bibliotekaren om hjelp (39 mot 24 % svara i svært stor/stor grad). Dette kan truleg ha samanheng med at ein i den vidaregåande skulen også har større tilgang til bibliotekar når ein brukar skulebiblioteket (langt høgare prosentdel heiltidstilsette og bibliotek som er bemanna med kvalifisert personale større del av dagen). Men vi såg også at elevane i vidaregåande i større grad brukte skulebiblioteket til skulefaglege ting, dette kan og forklare eit større behov for å bruke fagpersonen.

I grunnskulen var det ingen vesentlege skilje mellom gutar og jenter i kva grad dei bad om hjelp. I den vidaregåande fann vi at jentene i noko høgare grad bad bibliotekaren om hjelp enn gutane (44% som i svært stor eller stor grad bad om hjelp mot 31 % for gutane)

## Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing?




**Figur 40** Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Elevar i grunnskule og vidaregåande skule. Prosent som svara 'Ja'

På spørsmål om korleis skulebibliotekaren blir brukt ved behov for hjelp og rettleiing er tendensen den same mellom skuleslaga, men meir markert for den vidaregåande skulen: Vel halvparten av elevane (52 % i grunnskulen og 62 % i vidaregåande) har brukt bibliotekaren til å vise kvar stoff er plassert på hyllene. Så minkar Ja-prosenten med dei alternativa som krev meir "intensiv" hopehav med bibliotekaren (bede henne finne stoff eller fått henne til å hjelpe eleven til sjølv å finne stoffet).

Vi veit at mange bibliotek berre er bemanna med fagutdanna personale i deler av opningstida. Dette gjer sjølvsgatt til at det er vanskelegare å kunne nytte bibliotekaren meir intensivt.




## Fordelt på kjønn:



**Figur 41** Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Fordelt på kjønn Elevar i grunnskule. Prosent som svara 'Ja'

I grunnskulen er det lite eller inkje i skilnad mellom gutar og jenter i forhold til slik bruk av bibliotekaren. I vidaregåande ser vi ein tendens til at jentene er meir aktive i å få hjelp når dei brukar biblioteket.



**Figur 42** Korleis har du brukt bibliotekaren når du har hatt behov for hjelp og rettleiing? Fordelt på kjønn. Elevar i vidaregåande skule. Prosent som svara 'Ja'


## Bruk av Internett i skulebiblioteka

Både tilsette og elevar ved skulane blei spurde om bruken av Internett i skulebiblioteket. Det vart sett opp ei rekke kategoriar for type bruk:

- Biblioteket er ikkje kopla til Internett
- Generell informasjonsinnhenting
- Søking i bibliotekatalogar, artiklar, oppslagsverk o.l.
- Tema- prosjektarbeid
- Privat informasjonssøking
- ”Fritidsbruk” spill, surfing, chat)
- Sende/motta e-post
- Lage egne vev- sider
- Anna

Både tilsette og elevar blei bedne om å krysse av for alle aktuelle alternativ, det vil seie at tal svar er høgare enn talet på personar som svara. Vi viser resultatata i prosent av det totale tal svar.

Rundt 8 % av biblioteka er ikkje kopla opp mot Internett i det heile. Dette er stort sett de minste biblioteka. Vi må rekne med at det reelle tal skulebibliotek som ikkje er knytte til nettet er noko høgare. M.a. fordi svara på granskinga vart returnert gjennom Internett, har skulane med dårlig datatilgang større problem med å få fylt ut skjemaet, og sannsynligvis vil dei oftare late vere å svare.



**Figur 43** Kva brukar elevane Internett til. Svar frå alle respondentar, fordelt på tilsette og elevar. Prosent


Figur 43 viser resultatata. Vi ser at tilsette og elevar gir omtrent same svar om kva Internett blir brukt til. For begge grupper er ”generell informasjonsinnhenting” det vanlegaste (26 % for

tilsette, 34 % for elevane). Deretter kjem prosjektarbeid og arbeid med spesielle tema som nummer to (ca 25 % for b e gruppene). Privat informasjonss king via Internett spelar ei mindre viktig rolle.

Deretter vart elevane stilt f lgjande sp rsm l:

*”Tenk deg at du skal finne informasjon til ei konkret prosjektoppg ve. Kva for ei av f lgjande kjelder vil du f rst bruke?”*

Vi viser svarfordelinga nedanfor



**Figur 44** Tenk deg at du skal finne informasjon til en konkret prosjektoppg ve. Kva av f lgjande kjelder vil du f rst bruke? Svar fr  elevar i grunnskule og vidareg ande. Tal svar

Generelle s kemotorar som Google er heilt dominerande som informasjonsskjelde og ser heilt ut til   ha teke over for ”gamaldagse” informasjonsskjelder som trykte oppslagsverk. Vi ser ogs  at hjelp fr  vaksne eller medelevar langt sjeldnare er f rstevalet som informasjonsskjelde.

## Nærare om skulebibliotekaren sine oppgåver

Vi bad skulebibliotekansvarleg og skuleleiar svare på i kva grad dei følgjande oppgåvene låg til funksjonen som skulebibliotekansvarleg. Siktemålet med dette var å få ei oversikt over kva oppgåver som faktisk ligg til funksjonen, men også å kunne sjå på i kva grad dei to ulike aktørgruppene hadde ulikt syn på skulebibliotekansvarlege sine oppgåver.


Nedanfor viser vi dette for kvar av oppgåvene (påstandane), der vi deler svara etter skuleslag og funksjon på skulen.



**Figur 45** Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg administrering og organisering av skulebiblioteket til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.

Vi ser frå Figur 45 at svararane både i grunnskulen og i vidaregåande er samde om at dette er ei sentral oppgåve (ca 60 % frå grunnskulen og ca 70 % frå vidaregåande svara at administrering og organisering av skulebiblioteket i svært stor grad ligg til skulebibliotekarfunksjonen. Men vi kan merke oss at dei bibliotekansvarlege i baa skuleslaga legg sterkare vekt på dette enn det skuleleiarane gjer (i grunnskulen er tala 69 % for skulebibliotekansvarleg og 52 % for skuleleiar, i vidaregåande 87 mot 67 %). Dette kan tyde på at skuleleiarane ikkje er fullt oppdaterte på skulebibliotekaren sin kvardag, at desse brukar meir ressursar på slike oppgåver enn kva skuleleiar trudde.

Tendensen er den same for oppgåva knytt til bok- og medieval – dette er viktig oppgåve, men også her svarar skulebibliotekansvarleg i større grad enn skuleleiar at dette i dag ligg til funksjonen som bibliotekansvarleg (50 mot 30 % i grunnskule som svarar i svært stor grad, 70 mot 43 % i vidaregåande).




**Figur 46** Med utgangspunkt i din egen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg bok og medievalg til funksjonen som skolebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.



**Figur 47** Med utgangspunkt i din egen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å drive rettleiing i bruk av informasjonskjelder til funksjonen som skolebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.


For det å drive rettleiing i bruk av informasjonsskjelder ser vi at dette jamt over vert rangert lågare enn dei førre oppgåvene (Figur 48). Dette gjeld særleg for grunnskulen, der det berre er det ca 10 % som meiner dette i svært stor grad ligg til funksjonen, i vidaregåande ca 28 %.

Det å drive litteraturformidling og stimulere til leselyst vert heller ikkje rekna vere så viktig del av oppgåvene i dag – prosentdelen som svarar i svært stor grad ligg kring 20 % for både skuleslaga (Figur 48). Vi ser same skiljet mellom dei to aktørgruppene – også her er dette sterkare vektlagt blant skulebibliotekansvarlege, men i absolutte tal er skilnaden mindre enn for administrasjon og bok/medieval.




**Figur 48** Med utgangspunkt i din eigen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å drive litteraturformidling og stimulering av leselyst til funksjonen som skulebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.

18 % i grunnskulen og 22 % i vidaregåande meiner at oppgåva med å samarbeide med lærarane om å utvikle skulebiblioteket som læringsarena i svært stor grad ligg til skulebibliotekansvarlege sine oppgåver (Figur 49). Inkluderer vi dei som svarar at dette i stor grad ligg til oppgåvene, ser vi at prosenten kjem opp i 51 respektive 58 %. Dette tyder på vurderer dette som viktig, men at ein enno ikkje har fått det inn i arbeidsoppgåvene i særleg stor grad.



**Figur 49** Med utgangspunkt i din egen skule i dagens situasjon, i kva grad ligg det å samarbeide med lærarane om å bruke biblioteket som læringsarena til funksjonen som skolebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.




**Figur 50** Med utgangspunkt i din egen skule i dagens situasjon, i kva grad ligger det å vere deltakar i undervisning og pedagogiske team til funksjonen som skolebibliotekansvarlig? Svar fordelt på skuleslag og funksjon.

Påstanden om at det å vere deltakar i undervisning og pedagogiske team er ein viktig funksjon for skulebibliotekansvarleg i dag vert avvist av alle, særleg i vidaregåande ( 7% svarar i svært stor grad) men også grunnskulen er klar her ( 8 %) (Figur 50).

### ***Kva læremiddel omfattar skulebiblioteket si samling?***

Skulebibliotekansvarleg og skuleleiar er informantar i spørsmål om læremiddel i samlinga til skulebiblioteket. Vi ser at dei to skuleslaga er samstemde i at oppslagsverk, fagbøker og skjønnlitteratur er basis for samlinga (Figur 51). Her ligg svara frå baa skuleslaga på godt over 90-95 prosent. Dei vidaregåande svarar meir gjennomgåande positivt på at samlinga omfattar lydbøker (79 %), DVD/CD-ROM (69 %) og videoar (66 %). For grunnskulane er tilsvarande tal her 62, 37 og 42 %). 52 % av i vidaregåande svarar at dei har klipparkiv, mot berre 10 % av grunnskulane.



**Figur 51 Kva læremiddel omfattar biblioteket si samling. Viser svarfordeling på skuleslag. Prosent.**


Dette gjev eit bilete som i nokon grad avvik frå det ein fann i granskinga i 1997. Vi kan merke oss at særleg fagbøker og oppslagsverk skårar høgare her enn i -97 (då skåra desse 65 respektive 70 %, her er tilsvarande tal ca 97 %). Og at lydbøker som i -97 skåra ca 15 % her skårar over 60.

Dette skulle isolert sett tyde på at samlingane har blitt meir omfattande, men vi veit også at det i perioden ikkje har vore monaleg auke i løyvingane til innkjøp av bøker og media. Dette tyder på at vi bør sjå nærare på dette inn i hovudrapporten.



## Korleis vil du karakterisere skulebiblioteket sitt tilbod?

Både lærarane, bibliotekansvarlege og skuleleiarane svara på spørsmål der dei skulle karakterisere skulebiblioteket. Vi viser fordelinga som gjennomsnittsverdiar, fordelt på dei to skuleslaga (Figur 52). Dette betyr at dess lågare verdi dess betre. Svært godt gjev 1, svært dårleg 5. I og med spørsmåla sin karakter (velje gradering frå 1 til 5), vert standardavvika for alle liggande mykje innan same intervall (0,7 – 1,1), av praktiske grunnar har vi difor valt å ikkje vise dei i nett denne framstillinga.



**Figur 52** Korleis vil du karakterisere skulebibliotekets tilbod innan dei følgjande kategoriane. Vist for alle svar samla (frå tilsette) fordelt på skuleslag


Både i grunnskule og vidaregåande er ein i stor grad samde om at tilbodet av skjønnlitteratur, oppslagsverk og fagbøker er rimeleg bra (gjennomsnittsverdiar mellom 2,4 og 2,6 for grunnskule, 2,1 til 2,4 for vidaregåande)

Grunnskule skårar også høgt på lettlestbøker (gjennomsnitt på 2,5) – ein kategori som av naturlege grunnar ikkje står like sentralt innan vidaregåande.

For lydbøker er ein i baa skuleslaga ganske samde om at det er eit nokon lunde tilfredsstillande tilbod. For dei resterande ser vi at grunnskulen i regelen seier seg langt meir misnøgd enn vidaregåande. Dette gjeld samling av teknologiske media som video, DVD og

CD-ROM, tidsskrift og aviser. For tidsskrift og aviser er skåren tilfredsstillende til godt i vidaregåande, medan ein i grunnskulen klart er misnøgd med tilbodet her.

Vi gjorde ei samanlikning mellom korleis dei ulike gruppene (stillingstypene) svara her. Det viste seg då at det var svært stort samsvar mellom lærarar, skuleleiarar og skulebibliotekansvarlege. Einaste å merke seg var at lærarane var noko mindre nøgde med samlingane av fagbøker, skjønnlitteratur og oppslagsverk enn dei to andre gruppene. For dei andre typene var det berre heilt små skilje. Men også desse gjekk i retning av at lærarane var litt mindre nøgde.




**Figur 53** Korleis vil du karakterisere biblioteket sitt tilbod innan følgjande fagområde? Vist for faga i grunnskulen. Samla for skulebibliotekansvarlege, skuleleiarar og lærarar.

I grunnskulen (Figur 53) ser vi at tilbodet i norsk, naturfag og samfunnsfag vert vurdert som svært godt/godt av kring halvparten av svararane (57 % for norsk, 44 for naturfag og samfunnsfag). For svært mange av faga vurderer ein tilbodet som dårleg/svært dårleg. For både musikk, matematikk og andre språkfag svarar ein at tilbodet er dårleg, for andre språkfag jamvel svært dårleg. For mat og helse, kroppsøving og programfag til val er også tilbodet dårleg/svært dårleg. Men desse faga har ofte ei kortare historie på dei enkelte skulane, noko som vil kunne forklare mykje av at dei kjem dårleg ut.

Også her har vi sett på fordelinga mellom dei ulike aktørane. Det er mykje same biletet som for førre spørsmål: at skilnaden ikkje er så stor, men at det er ein tendens til at lærarane er mindre nøgde med tilbodet på dei enkelte faga enn dei andre aktørane. Ut frå det som er kome fram om korleis lærarane brukar biblioteket (mest til sjølv å finne det dei treng), så vil

det vel også ofte vere slik at det nettopp er lærarane som best vil kunne vurdere i kva grad tilfanget er eigna.




**Figur 54 Korleis vil du karakterisere biblioteket sitt tilbud innan følgjande fagområde? Vist for faga i vidaregåande skule. Svar frå skulebibliotekansvarlege, skuleleiarar og lærarar.**

Vi ser ein tilsvarande tendens for den vidaregåande skulen, men generelt uttrykkjer svara her i større grad at ein er nøgde med tilbudet på dei enkelte faga. Vi såg tidlegare at elevane her i større grad enn elevane i grunnskulen brukte skulebiblioteket i sitt faglege arbeid. Dette peikar på at tilbudet innan dei enkelte faga truleg også samsvarar betre med dei behov elevane har – om ikkje burde langt færre elevar ha brukt skulebiblioteka. Men vi såg at elevane brukte skulebiblioteket i arbeidet med faga sine, og svarfordelinga vi viser i Figur 54 tyder på at dei tilsette også vurderer det slik at tilbudet generelt er godt til tilfredsstillande i dei enkelte faga.

Også for vidaregåande ser vi at det er nokre fag som fell gjennom. Særleg musikk, andre språkfag, matematikk og programfag til val. Felles for dei tre første av desse er vel at dei ikkje har så mykje tilfang i biblioteka, for programfag gjeld det vel at dette er ”nytt” av året, og at det enno er behov for å tilpasse samlingane/tilbodet til dei krav faga stiller.

## Tema- og prosjektarbeid

Tema/prosjektarbeid og tverrfaglege emne blir vektlagt i læreplanane til skulen. Vi bad difor om at dei tilsette tok stilling til i kva grad dei meinte at brukaropplæringa var ein ressurs for denne typen arbeid. Svara vi fekk varierte i liten grad mellom dei ulike stillingane/funksjonane, så vi viser det her samla fordelt på dei to skuleslaga (Figur 55).



**Figur 55 Tema/prosjektarbeid og tverrfaglege emne er lagt vekt på i læreplanen. I kva grad vil du seie at brukaropplæringa er ein ressurs for denne type arbeid? Fordelt på skuleslag, prosent.**

Vi ser at kring halvparten av dei tilsette ser brukaropplæringa som ein viktig ressurs for elevane sitt arbeid med tema- og prosjektarbeid. 58 % innan grunnskulen svara at dette i svært stor/stor grad var viktig ressurs, 46 % i den vidaregåande.

### Kva inneheld brukaropplæringa?


Vi stilte opp fem påstandar om innhald i opplæringa og bad svararane ta stilling til og vurdere om og i kva grad brukaropplæringa ved deira skule dekte desse. Påstandane var:

- Identifisere behov
- Finne informasjon
- Velje ut informasjon
- Vurdere kvalitet og i kva grad den er eigna ("egnethet")
- Korleis ta informasjonen aktivt i bruk

Vi viser svarfordelinga for kvar av desse påstandane, fordelt etter skuleslag og funksjon

### Identifisere behov (Figur 56)


Mellom 30 og 40 % av svara går på at opplæringa i svært stor eller stor grad inneheld opplæring i å identifisere egne behov. I vidaregåande er prosenten som svarar i svært stor grad noko høgare enn i grunnskulen. Dette kan og skuldast det vi har sett tidlegare – at elevane i dette skuleslaget i større grad nyttar biblioteket aktivt inn i det faglege, og at dei dermed har eit større behov for å kunne definere sine behov for å finne det dei treng.




Figur 56 Kva inneheld denne brukaropplæringa? Identifisere behov. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent

### Finne informasjon (Figur 57)

Brukaropplæringa er i større grad retta inn mot det å finne informasjon, særleg i vidaregåande. 80 % av svara derfrå seier dette i svært stor eller stor grad går inn i opplæringa. Denne påstanden skårar høgt også i grunnskulen (vel 70 %), så vi kan slutte at kunnskap om kvar og korleis ein kan finne informasjon er det mest sentrale elementet i brukaropplæringa.



**Figur 57** Kva inneheld denne brukaropplæringa? Finne informasjon. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent




**Figur 58** Kva inneheld denne brukaropplæringa? Velje ut informasjon. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent

## Velje ut informasjon (Figur 58)

Kring 60 % svarar at dette i stor/svært stor grad er del av opplæringa. Også her er det størst oppslutnad om påstanden i den vidaregåande skulen, samstundes som det jamt over er fleire blant dei skulebibliotekansvarlege som meiner at dette i svært stor grad vert lagt vekt på.

## Vurdere kvalitet og i kva grad den er eigna ("egnethet") (Figur 59)


Her er mønsteret mykje det same som for det å velje ut informasjon – men dei skulebibliotekansvarlege i vidaregåande skule er meir klare på at dette er noko dei legg vekt på å ha med. Vi kan elles merke oss at det er relativt fleire som svarar at dette berre i liten eller svært liten grad er med (ca 20 % av svara frå grunnskulen, ca 13 % i vidaregåande)



**Figur 59** Kva inneheld denne brukaropplæringa? Vurdere kvalitet og kor godt den høver. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent

## Korleis ein kan ta informasjonen aktivt i bruk (Figur 60)

Om vi også her tek omsyn til at det er skulebibliotekansvarleg som, særleg i vidaregåande, har ansvar for opplæringa og som dermed burde vere den som veit kva som er situasjonen, ser vi at der er dette lagt vekt på i ca 40 % av svara. Ser vi på skuleleiarane så er det relativt fleire i desse to kategoriane, men det er særleg blant dei som svara stor grad at det er fleire. Som for førre påstanden er det også her opp mot 20 % som svarar at dette ikkje i særleg grad er inkludert i opplæringa.



**Figur 60 Kva inneheld denne brukaropplæringa? Korleis ta informasjonen i bruk. Fordelt på skuleslag og funksjon, prosent**

For å oppsummere kan ein seie at denne sekvensen har vist at opplæringa i hovudsak ser ut til å gå ut på å lære elevane opp til å finne informasjon og til det å velje ut kva informasjon som skal nyttast. Det er eit generelt trekk ved alle påstandane at skulebibliotekansvarleg i vidaregåande er dei som i størst grad svarar at desse elementa er med i opplæringa.


Vi har tidlegare sett at det er denne gruppa som også i størst grad står ansvarleg for opplæringa på sine skular. Dette skulle tyde på at dei har godt grunnlag for å gje sine svar, slik at vi i stor grad kan lite på dei. Frå same figuren (Figur 63) ser vi at skuleleiar i svært liten grad har slikt ansvar, det kan difor vere grunn til å røkje etter i kva grad dei har bakgrunn for å uttale seg. Dette vil vi prøve sjå nærare på i sluttrapporten.

Ut frå det vi tidlegare har sett om ulik bruk av biblioteket i dei to skuleslaga, der vidaregåande i større grad i praksis ser ut til å vere fokusert på å bruke skulebiblioteket inn mot skulefaga, var ein som venta generelt meir oppteken av å ha med desse fem elementa i vidaregåande enn i grunnskulen. Dette høver og med det vi har sett om at opplæringa her er meir systematisk og planlagt enn i grunnskulen.



## Korleis situasjonen ”er” samanlikna med korleis den ”burde vere”

Vi hadde ein spørsmålssekvens til skuleleiarar og skulebibliotekansvarlege, der dei vart bedne svare på i kor stor grad ein faktisk legg vekt på ulike oppgåver. Deretter vart lærarane utfordra på å svare på i kor stor grad dei såg på desse oppgåvene som viktige. Desse to framstillingane er ikkje heilt overlappande, men vi har likevel funne å ville framstille dei i same diagram for å vise i kva grad det er semje om graden av vektlegging.




**Figur 61 Samanlikning av korleis skulebibliotekansvarleg/skuleleiar svarar at situasjonen er med korleis lærarane svarar at situasjonen burde vere. Grunnskule. Prosent som svara svært stor/stor grad.**

Vi viser først svara frå grunnskulen. Både bibliotekar/rektor og lærarane er i stor grad samstemt i at vektlegginga av administrative oppgåver og bok- og medieval er og bør vere viktig. Heile 88 % av skuleleiarane og skulebibliotekansvarlege svara at administrative oppgåver er/bør vere ein viktig del. Tilsvarande var det 78 og 86 % som svara at bok og

medieval er/bør vere viktig. For dei andre påstandane ser vi det i ganske stor grad er slik at lærarane ønskjer seg desse oppgåvene sterkare vektlagt enn bibliotekar/rektorar svarar at dei er.


- Heile 88 % av lærarane mot 51 % av bibliotekarar/rektorar meiner det i høg/svært høg grad er viktig at det vert samarbeidd med lærarane om å bruke biblioteket som læringsarena
- 82 mot 50 % meiner det same om å drive litteraturformidling og stimulere til leselyst
- 67 mot 31 % meiner det same om å drive rettleiing i bruk av informasjonskjelder
- 42 mot 25 % meiner det same om det at bibliotekaren skal vere deltakar i pedagogiske team og undervisning.

Vi kan her sjå at det er eit ønske frå lærarane om at biblioteket i større grad enn i dag skal kunne engasjere og involvere seg også ut over det vi kunne kalle dei ”tradisjonelle” bibliotekoppgåvene (administrasjon, bokval).




**Figur 62 Samanlikning av korleis skulebibliotekansvarleg/skuleleiar svarar at situasjonen er med korleis lærarane svarar at situasjonen burde vere. Grunnskule. Prosent**

For den vidaregåande skulen kan vi sjå det same mønsteret.



**Figur 63** Kven er ansvarleg for å lære elevane opp i å bruke skulebiblioteket? Vist for skuleslag, prosent.

**Tilbod om opplæring i å bruke skulebiblioteket**



**Figur 64** Får elevane tilbod om opplæring i bruk av skulebiblioteket? Vist for skuleslag og stilling. Prosent

Figur 64 viser at det er svært få elevar som ikkje får ei eller anna form for tilbod om opplæring i bruk av biblioteket (ca 7 % i grunnskulen og ca 3 % i vidaregåande). På den andre sida er det relativt mange som får eit meir tilfeldig og lite systematisk tilbod. Nærare 50 % av skulebibliotekarane og om lag 40 % av skuleleiarane i grunnskulen svarar at tilbodet er tilfeldig. I den vidaregåande skulen er dette noko annleis. Der er det for det første langt færre som opplever at elevane får ”tilfeldig opplæring” (kring 25 %), og det er relativt færre blant dei skulebibliotekansvarlege som svarar at dette er tilfelle enn blant skuleleiarane. (22 mot 28 %).

Frå Figur 63 ser vi at det i hovudsak er skulebibliotekansvarleg som også har ansvar for å yte denne opplæringa. Dette skulle tyde på at det er svara frå skulebibliotekansvarlege som i best grad viser den faktiske situasjonen. I så fall ser vi at det berre er for 25 % av grunnskulane at ein har eit vel gjennomarbeidd opplegg for dette, mot 33 % i den vidaregåande.


Denne figuren viser og at det i den vidaregåande er langt meir vanleg at skulebibliotekaren har dette ansvaret. Ut frå det vi veit om fagbakgrunn og stillingsressurs er dette som vi kunne vente. Vel 90 % av opplæringa skjer der i regi av skulebibliotekansvarleg. I og med at klasselærer – som ikkje er den bibliotekansvarlege, har ansvar for knappe 40 % av opplæringa i grunnskulen er det ikkje noko underleg at vi fekk den fordelinga vi hadde i Figur 64. Ein kan vente at opplæringa vert meir tilfeldig når dei som skal ha ansvaret ikkje har fagleg kompetanse og heller ikkje har ressursar til å gjennomføre dette ut over ordinært arbeid

## Integrering av skulebiblioteket i den einstilte skule sine planar

**Tabell 31 Er skulebiblioteket si verksemd integrert i skulen sitt planarbeid?. Fordelt på skuleslag. Absolutte tal og prosent**

	Grunnskule		Vidaregåande		I alt	
	%	Tal	%	Tal	%	Tal
Ja	54 %	1384	57 %	329	1713	54 %
Nei	24 %	622	14 %	81	703	22 %
Vet ikkje	22 %	561	29 %	168	729	23 %
	100 %	2567	100 %	578	3145	100 %

Skulebiblioteket kan også vere integrert i planane til den einstilte skule. Tabell 31 viser status for heile materialet. Meir enn halvparten av skulane (54 % for grunnskule og 57 % for vidaregåande) svarar at skulebiblioteket er integrert i skulen si planlegging. Dette er ein noko ulik tendens frå den vi såg for førre sekvens – skuleeigar sine planar og deltakingsaktivitetar. Det er mindre forskjell mellom grunnskule og vidaregåande skule, og dei ligg også på eit høgare nivå enn når vi spurde om stode relatert til skuleeigar sine planar.



**Figur 65 Er skulebiblioteket si verksemd integrert i skulen sitt planarbeid. Fordelt på funksjon (stilling) og skuleslag. Prosent**


Figur 65 viser data for integrasjon i planarbeidet fordelt på funksjon (stilling) ved skulen. Det er ein tendens til at skuleleiar oftast svarar stadfestande også her, både i grunnskule og i vidaregåande. Vi kan merke oss at det er stor reduksjon i prosenten som svarar "veit ikkje" også blant lærarane – dette kan tyde på at desse er betre informert i tilhøve som er meir direkte er knytt til deira eigen kvardag. Men framleis er desse kategoriane så pass mykje

større enn for dei to andre aktørgruppene, at vi kan seie at også for det som gjeld internt på skulane ser ut til å kunne vere informasjonsmanglar.

Vi bad vidare dei som svara at skulebiblioteket var integrert i skulen sitt planarbeid om å svare på om bibliotekansvarleg er den som representerer skulebiblioteket i dette arbeidet. Vi viser svarfordelinga i Tabell 32. Dette i stor grad er tilfelle – for 3 av 4 er det bibliotekansvarleg som representerer skulebiblioteket i dette arbeidet. Men vi kan merke oss at berre 22 % svarar at ho alltid er med, medan 52 svarar at bibliotekansvarleg deltek som skulebiblioteket sin representant av og til. Det er samstundes eit skilje mellom grunnskule og vidaregåande – også her er det noko større deltaking for dei frå den vidaregåande skulen, både som svarar 'alltid' (25 mot 21 %) og 'av og til' (59 mot 50 %).

**Tabell 32 Dersom skulebiblioteket si verksemd er integrert i skulen sitt planarbeid, deltek skulebibliotekansvarleg i planarbeidet som representant for skulebiblioteket? Fordelt på skuleslag. Absolutte tal og prosentar.**

	Grunnskule		Vidaregåande		I alt	
Ja, alltid	21 %	192	25 %	50	242	22 %
Ja, av og til	50 %	466	59 %	116	582	52 %
Nei	27 %	249	13 %	26	275	25 %
Vet ikke	2 %	16	3 %	5	21	2 %
	79 %	923	75 %	197	1120	100 %



**Figur 66 Dersom skulebiblioteket si verksemd er integrert i skulen sitt planarbeid, deltek skulebibliotekansvarleg i planarbeidet som representant for skulebiblioteket? Fordelt på skuleslag og funksjon (stilling). Prosent**

Figur 66 viser at det er eit skilje mellom bibliotekansvarleg og skuleleiar i korleis dei vurderer dette. Både for grunnskule og vidaregåande. Vi kan merke oss at skiljet er størst for den vidaregåande skulen der det høvesvis er 18 og 33 % frå desse gruppene som svarar at skulebibliotekansvarleg alltid deltek, 64 mot 50 % svarar at ho av og til deltek. I grunnskulen er tendensen den same men skilnaden er langt mindre (17 mot 22 % svarar der ”Ja, alltid”)

For dei som svara at skulebibliotekansvarleg ikkje deltok bad vi om at dei svara på kvifor dette ikkje var tilfelle (Tabell 33). For grunnskulen er det tidsmangel som er trekt fram som viktigaste årsak. 55 % svarar at tidsressursen ikkje strekkjer til, bibliotekansvarleg har ikkje rom til å delta innan dei rammer som gjeld for hennar arbeid. For vidaregåande er tilsvarande tal 27 %. Denne skilnaden heng truleg i hop med at vidaregåande skule i regelen har langt større tidsressurs til bibliotekaren, og at ho heller ikkje i særleg grad har oppgåver utanom biblioteket (80 % av dei vidaregåande skulane svara at skulebibliotekaren ikkje hadde andre oppgåver mot berre 18 % av grunnskulane). Vidare svarar 19 % frå grunnskulane at skulen ikkje såg på slik deltaking som viktig. Tilsvarande tal frå vidaregåande er 27 %.

**Tabell 33 Dersom den skulebibliotekansvarlege ikkje deltek i planarbeidet, kva er årsakene til dette? Fordelt på skuleslag, absolutte tal og prosent<sup>5</sup>**

	Grunnskule		Vidaregåande		I alt	
	%	Tal	%	Tal	%	Tal
Tidsressursen strekk ikkje til	55 %	138	27 %	7	53 %	157
Skulen ser ikkje på slik deltaking som viktig	19 %	48	27 %	7	20 %	55
Dei faglege føresetnader er ikkje til stades	5 %	13	8 %	2	5 %	15
Skulebibliotekansvarleg ønskjer ikkje å delta	4 %	9	0 %	0	3 %	9
Det pedagogiske personalet ønskjer ikkje at skulebibliotekansvarleg skal delta	2 %	4	4 %	1	2 %	5
Andre grunnar	31 %	76	31 %	8	31 %	84
		249		26		325

For dei andre svaralternativa var det berre få treff, det ser dermed ikkje ut til at ein meiner at dei faglege føresetnadane for å delta i planarbeidet ikkje er til stades, det er ikkje slik at bibliotekansvarleg sjølv ikkje ønskjer å delta og det er heller ikkje slik at det pedagogiske personalet ikkje ønskjer å ha skulebibliotekansvarleg med i planarbeidet.

Dei som svara ”andre grunnar” fekk høve til å utdjupe dette. Vi har ordna og klassifisert desse svara (Tabell 34). Utdjupingane gjekk i ulike retningar. Den viktigaste grunnen var at skulebibliotekansvarleg deltok i planarbeidet i ei anna rolle (oftast lærar). Vidare at ein ikkje hadde nokon som var skulebibliotekansvarleg. Men det var også ein del kommentarar som gjekk på dette at ein ikkje hadde tenkt på at det var naturleg å trekkje skulebibliotekansvarleg inn i skulen sitt planarbeid.

<sup>5</sup> Svararane kunne her velje fleire alternativ. Difor summerer desse prosentane seg ikkje opp til 100%.

**Tabell 34 Andre grunнар til at skulebibliotekansvarleg ikkje deltek i planarbeidet?  
Fordelt på skuleslag, absolutte tal**


	Grunnskule	Vidaregåande
Deltek, men i ei annа rolle	18	
Blir ivareteke i andre team	8	3
Har ingen som er ansvarleg for skulebiblioteket	11	
Vi har ikkje kome i gang/tenkt på dette!	14	2
Skulebibliotekansvarleg er eksternt tilsett	3	1
Helsemessige grunнар	3	
Diverse grunнар	7	
I alt	64	6



## Kunnskapsløftet – dei fem dugleikar

Kunnskapsløftet byggjer m.a. på prinsippet om å prioritere utvikling av elevane og lærlingane sine grunnleggande dugleikar. Vi ønskte å utfordre dei tilsette på i kva grad dei meinte at opplæring og rettleiing i bruk av skulebiblioteket kan bidra til dette.

### Å kunne uttrykke seg munnleg (Figur 67)




**Figur 67 I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å uttrykkje seg munnleg. Fordelt på skuleslag og funksjon**

I grunnskulen er oppslutnaden om at rettleiing og opplæring i å bruke skulebiblioteket kan bidra til å fremme det å kunne uttrykke seg munnleg noko større enn i vidaregåande. Det er kanskje som vi kunne vente, grunnskulen er kan hende meir retta inn mot dette enn den meir fagleg spesialiserte vidaregåande. Men vi ser at det for baa skuleslag er stor oppslutnad om påstanden.

Det er verdt å merke seg at det er noko mindre oppslutnad om påstanden blant lærarane enn blant dei andre tilsette. Igjen kan dette ha med å gjere at lærarane er dei som har den mest direkte kontakt med elevane og kan sjå kva som reelt skjer.

### Å kunne lese (Figur 68)


Både skuleslag og alle kategoriar tilsette gjev så å seie full oppslutnad om denne påstanden. God opplæring og rettleiing i å bruke skulebiblioteket bidreg til å fremme lesekompetansen



**Figur 68 I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne lese. Fordelt på skuleslag og funksjon**

### Å kunne rekne (Figur 69)

Vi såg lenger framme at matematikk var eit av dei faga der skulebiblioteket skårar lågt. Dette gjaldt både i kva grad lærarane brukte skulebiblioteket i førebuingane og det gjaldt for korleis dei tilsette vurderte kvaliteten på samlinga. Her ser vi at det berre er i liten grad at ein meiner at god opplæring og rettleiing bidreg til å fremme reknedugleik (kring 20 % svarar svært stor/stor grad, mellom 30 og 40 % svarar i liten/svært liten grad..




**Figur 69 I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon**

### **Å kunne uttrykkje seg skriftleg (Figur 70)**


Nesten ingen avviser denne påstanden og vel 60 % frå kvart av skuleslaga seier at dette i svært stor/stor grad er tilfelle. Dette skulle bety at ein opplever det som om skulebiblioteket er ein viktig faktor også når det gjeld å lære elevane opp til å uttrykkje seg skriftleg

### **Å kunne bruke digitale media (Figur 71)**

At denne påstanden har størst oppslutnad i den vidaregåande skulen kan henge saman med at vidaregåande har større tilgang på datamaskiner, men det kan også henge saman med at det i større grad er føresett at elevane på dette nivået skal tilegne seg denne type kunnskap.



**Figur 70** I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon. Prosent



**Figur 71** I kva grad meiner du at opplæring og rettleiing i bruk av biblioteket kan bidra til å kunne rekne. Fordelt på skuleslag og funksjon. Prosent

## Er skulebiblioteket med å utvikle dei grunnleggjande dugleikane?

Informantane sluttar i høg grad opp om at skulebiblioteket er ein medspelar. Kring 25 % svarar at skulebiblioteket er sentral medspelar, kring 55 % at biblioteket i nokon grad er medspelar og berre om lag 20 % svarar at biblioteket berre i liten grad eller ikkje er medspelar. Det er lite skilje mellom dei tre aktørkategoriane, men vi ser ein svak tendens til at skuleleiarane noko hyppigare svarar at biblioteket har ei rolle i dette.



### Oppsummering om dei grunnleggjande dugleikane.


Det er langt dei fleste meiner at skulebiblioteket har ei rolle å spele i å utvikle dei sentrale dugleikane. Når vi gjekk gjennom dei kvar for seg, såg vi at det langt på veg berre var knytt opp mot det å lære å rekne at ein ikkje meinte at biblioteket hadde/kunne ha ei sentral rolle.



## Skulebiblioteket i skulane sitt planleggings- og utviklingsarbeid

Skulekvardagen i Noreg er på mange måtar prega av å vere planlagt. Frå nasjonalt nivå og ned til den einkilde skule er og har det vore eit langvarig utviklingsarbeid som i mykje har vore kopla til ulike planar. Vi spurde om det var slik at skuleeigar (i regelen kommunen for grunnskulane, fylkeskommunen for dei vidaregåande) hadde utarbeidd eigen plan for skulebiblioteket. Vidare om det er kalla inn til møte om skulebibliotek, om det er arrangert møte for dei bibliotekansvarlege og om det er oppretta egne forum for dei bibliotekansvarlege. Vi viser svara på desse spørsmåla for kvart av dei to skuleslaga.


### Grunnskule



**Figur 72** Har skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka? Fordelt etter funksjon, grunnskulen. Prosent

Ut frå svara ser det ut til at for omlag 1/3 av skulane har skuleeigar (vanlegvis kommunen) utarbeidd eigen plan for skulebiblioteka i kommunen. Ut frå korleis svara fordeler seg mellom dei aktuelle stillingstypene får vi inntrykk av at ein slik plan ikkje er særleg mykje framme som tema på skulen, heile 65 % av lærarane opplyser at dei ikkje veit om skuleeigar har slik plan, 12 % svarar at skulen ikkje har slik plan. Dei skulebibliotekansvarlege fordeler seg med kring 1/3 på kvart av svaralternativa, 30 % svarar at skulen har slik plan, 36 % at ein ikkje har og 34 % svarar "veit ikkje". For skuleleiarane er det om lag like stor prosent som svarar at skuleeigar har utarbeidd slik plan. Vidare ser vi at desse i langt større grad er klare på alternativet: 51% svarar at skuleeigar ikkje har utarbeidd slik plan og berre 28 % svarar at dei ikkje veit.


I og med at det er skuleleiar som er den som står ansvarleg overfor skuleeigar finn vi denne fordelinga naturleg. I mange høve der slik plan aldri har vore tema vil det venteleg vere slik at dette heller aldri har vore drøfta med skulebibliotekansvarleg eller med lærarane.



**Figur 73** Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema?. Fordelt etter funksjon, grunnskule

Mønsteret er mykje det same for i kva grad skuleeigar har kalla skuleleiarane inn til møte der skulebiblioteket har vore tema. Ca 19 % av dei bibliotekansvarlege og 33 % av skuleleiarane svarar ja på dette. Også her er det stor uvisse blant lærarane, der heile 75% svarar at dei ikkje veit, mot 47 % for skulebibliotekarane og berre 9 % for skuleleiarane.


Her kan vi merke oss at det er relativt stort skilje mellom korleis skuleleiarar og skulebibliotekansvarlege svarar. Om skulebibliotek er tema ville det vere naturleg om skulebibliotekansvarleg vart informert. Ut frå denne svarfordelinga kan det sjå ut til at det kan vere eit informasjonsproblem på dette området.



**Figur 74** Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema? Fordelt etter skulestorleik, grunnskule. Prosent




Om vi ser på skulestorleik her (Figur 74) ser vi at denne ”informasjonsbristen” særleg er merkbar ved dei større skulane. Ved dei minste skulane er svarfordelinga mellom bibliotekar og skuleleiar relativt lik, men spriket aukar kraftig med aukande skulestorleik. (18 mot 25 prosent for dei minste skulane, 20 mot 37 prosent for dei største).



**Figur 75** Har skuleeigar arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen? Fordelt etter funksjon, grunnskule

Det er noko høgare del som svarar at skuleeigar har arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarleg i kommunen (vel 40 %). Også her er det typiske at det berre er bibliotekansvarleg og skuleeigar som har kunnskap om dette, 67 % av lærarane svarar at dei ikkje kjenner til om slik møte har blitt arrangert.




**Figur 76** Har dei skulebibliotekansvarlege i kommunen eit eige forum? Fordelt etter funksjon, grunnskule

45 % av skulebibliotekansvarlege svarar at det eksisterer eit eige forum for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen, 32 % av skuleleiarane og berre 17 % av lærarane svarar det same. Dette tyder på at dette ikkje er eit forum som når særleg ut til andre enn dei som deltek.

Vi kan oppsummere denne seksjonen med å seie at det ved kring 1/3 av grunnskulane ser ut til å vere ei form for systematisk planarbeid retta mot skulebiblioteket og at det for om lag like stor del eksisterer ein møteplass for dei skulebibliotekansvarlege.


Men våre data tyder på at dette ikkje er særleg godt kjent ut over dei som deltek direkte. Lærarane svarar som regel 'veit ikkje' på desse spørsmåla.

### Vidaregåande skule



**Figur 77** Har skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka? Fordelt etter funksjon, vidaregåande

Samanlikna med grunnskulane ser vi at det er langt høgare prosentdel frå vidaregåande som svarar at skuleeigar (vanlegvis fylkeskommunen) har eigen plan for skulebiblioteka. Prosentdelen som svarar 'Ja' varierer her frå 62 % av skuleleiarane, 46 % av dei skulebibliotekansvarlege og 29 % av lærarane. Dette tyder på at det er langt vanlegare at skuleeigar har slik plan i den vidaregåande skulen enn i grunnskulen (Figur 72).




**Figur 78** Har skuleeigar kalla inn skuleleiarane til møte der skulebibliotek har vore tema? Fordelt etter funksjon, vidaregåande

På spørsmål om skuleeigar har kalla inn til møte der skulebiblioteket har vore tema ser vi også at det er relativt fleire frå den vidaregåande som svarar ”ja” enn vi såg frå av svara frå grunnskulen (Figur 78). 28 % av dei bibliotekansvarlege og 42 % av skuleleiarane svara her stadfestande, for grunnskulen låg svara tilsvarende på 19 % og 33 %.


Tendensen er elles den same som innan grunnskulen – at det er relativt færre som svarar stadfestande på dette spørsmålet enn på spørsmålet om det er laga eigen plan for skulebiblioteket. Vi ser og same tendensen til at skuleeigar i større grad enn skulebibliotekansvarlege svarar stadfestande her. Dette kan skuldast at både skuleeigar sine planar og skuleeigar sine møte med skulane i større grad er retta mot skuleleiinga enn mot dei fagleg ansvarlege. Orientering om kva som skjer mellom eigar og leiar er i mykje opp til leiinga ved den einskilde skulen og dei rutinar som der er utvikla.

Vi kan sjå dette særleg om vi ser på andelen ja-svar frå lærarane. For baa desse spørsmåla har dei langt lågare andel som svarar ja, og særleg mange fleire som svarar at dette veit dei ikkje noko om. Vi vil tru at dette reflekterer den verkelege situasjonen – at det oftast er slik at informasjon ”utanfor eige arbeidsområde” kan verte nedprioritert både frå avsendar og mottakar.



**Figur 79** Har skuleeigar arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen? Fordelt etter funksjon, vidaregåande

Det er også fleire i vidaregåande enn i grunnskulen som svarar at skuleeigar har arrangert fellesmøte for dei skulebibliotekansvarlege (65 mot 40 %). Bibliotekansvarlege og skuleleiarane er samstemde her. Men også her ser vi at det blant lærarane berre i lita grad er kjennskap til kva som skjer mellom skuleeigar og dei som er nærast knytte til skulebiblioteket si drift og utvikling (Figur 79).



**Figur 80** Har dei skulebibliotekansvarlege i fylket eit eige forum? Fordelt etter funksjon, vidaregåande

Det var mindre enn 50 % av dei bibliotekansvarlege i grunnskulen som svara at det eksisterte eit eige forum for dei skulebibliotekansvarlege i kommunen. For vidaregåande skule ser vi at andelen er heile 84 %, og også 62 % av skuleleiarane kjenner til at det eksistere eit slikt forum i fylket. Lærarane har også her i liten grad kjennskap til at dette finst.

### ***Oppsummering om planar og skuleeigar i relasjon til biblioteket***

Desse figurane har vist at det på desse felta er klare skilnader mellom grunnskule og vidaregåande skule. Det er generelt slik at ein frå vidaregåande skule oftare svara 'Ja' på spørsmål om skuleeigar står bak fora, kallar inn til møte og har planar for skulebiblioteket. I og med at dei som svarar her er bibliotekansvarlege og skuleleiarar, må vi kunne gå ut frå at dei kjenner den verkelege situasjonen, og at det faktisk er slik at fylka som skuleeigarar oftare/sterkare set skulebiblioteket på dagsorden enn det vi finn i grunnskulen.

Vi kan og merke oss at det, både for grunnskule og vidaregåande, er slik at det er eit markant skilje mellom kva desse to gruppene kjenner til og kva som er kjent for dei andre som arbeider ved skulen. Det var gjennomgåande stort skilje mellom svara frå desse og svara frå lærarane. Om dette skuldast manglande informasjon til lærarane eller manglande innsats frå desse til å skaffe informasjon er mellom dei spørsmål vi vil kome meir inn på i den kvalitative delen av granskinga. Her i den kvantitative delen kan vi berre slå fast at lærarane i lita grad har kjennskap til kva som er den faktiske situasjon for forholdet mellom skuleeigar og skulebiblioteket si utvikling.




## Om det å ha plan har innverknad?

Lenger framme har vi presentert funna som gjeld det å ha eller ikkje ha planar for skulebibliotekverksemda. Vi var interessert i å finne ut om det at skulebiblioteket var del av eit planverk hadde noko å bety for andre sider ved kvalitet, omfang etc. ved skulebiblioteka.

Vi tok difor utgangspunkt i spørsmålet om skuleeigar hadde eigen plan for skulebiblioteka, og vil her presentere data for nokre problemstillingar etter fordelinga på dette spørsmålet. Vi brukar data frå grunnskulen til å illustrere dette.

### **Påstandar om skulebiblioteket (fysiske aspekt)**

Dei som svarar at skuleeigar har plan for skulebiblioteket, er i større grad samde i ei rekkje påstandar om fysiske aspekt ved skulebiblioteket enn dei som svarar at skuleeigar ikkje har slik plan. Det er med andre ord slik at om ein har slik plan, så skårar ein høgare på lokala sin funksjonalitet (65 % mot 50 %), skulebiblioteket sin plass i skulen sitt læringsmiljø (61 % mot 45 %) og ein vurderer oftare lokala for å vere meir innbydande og tiltalende (68 % mot 51 %). Einaste påstanden dette ikkje slår ut for er påstanden om at lokala er for små til å kunne brukast til gruppearbeid. Det at skuleeigar har plan ser dermed ut til å kunne ha eigenskapar som indikator for andre tilhøve ved skulebiblioteket.




**Figur 81 I kva grad er du samd i følgjande påstandar om skulebiblioteket på din skule. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket. prosent som svarta "I svært stor/stor grad".**

Vi har sjekka ut om dette er eit mønster som kan vere bestemt av andre tilhøve som t.d. skulestorleik eller skulebibliotekaren sin fagkompetanse. Vi såg då at mønsteret heldt seg oppe meir eller mindre uavhengig av desse to kriteria. Sjølv blant dei mindre skulane (dei

med færre enn 100 elevar) der det nesten ikkje var fagutdanna skulebibliotekarar, skåra skulane med eigen plan høgare enn dei som ikkje hadde slik plan.

### **Påstandar om kvalitative aspekt ved skulebiblioteket**

Det same mønsteret gjer seg gjeldande for påstandar om kvalitative aspekt ved skulebiblioteket. Dette er særleg tydeleg når det gjeld påstandane om at skulebiblioteket har ein sentral plass i skulen si opplæring (68 % mot 51 %), at skulebiblioteket fungerer som senter for skulen sine kulturelle aktivitetar (63 % mot 50 %) og at skulebiblioteket har ei viktig rolle med tanke på tilpassa opplæring for grupper og einssilde elevar (61 % mot 44 %) (Figur 82).



**Figur 82 I kva grad er du samd i følgjande påstandar om skulebiblioteket på din skule. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svara "I svært stor/stor grad".**




## **Påstandar om tilbodet ved skulebiblioteket.**

Vurderinga av tilbodet av ulike boktypar gjev også eit klart skilje mellom dei som har og dei som ikkje har plan. For alle dei viktigaste boktypane er det slik at dei som har plan skårar minst 10 prosentpoeng høgare enn dei som ikkje har.


## **Påstandar om skulebibliotekfunksjonen**

Også her er eit tilsvarande mønster:

- |   |                 |
|---|-----------------|
| - fremme leseglede og stimulere til fritidslesing     | - 74 % mot 57 % |
| - ha ein sentral plass i skulen si opplæring          | - 57 % mot 39 % |
| - stimulerer til å lære å innhente informasjon sjølve | - 56 % mot 43 % |
| - fungerer som informasjonssenter                     | - 53 % mot 37 % |
| - viktig rolle i høve til tilpassa opplæring          | - 41 % mot 28 % |
| - som senter for skulen sine kulturelle aktivitetar   | - 17 % mot 10 % |




**Figur 83** Korleis vil du karakterisere skulebiblioteket sitt tilbod innan desse kategoriane. Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svarte "Svært godt/godt"



**Figur 84 I kva grad meiner du at følgjande påstandar passar for skulebibliotekfunksjonen ved dykkar skule? . Fordelt etter om skuleeigar har eigen plan for skulebiblioteket eller ikkje. Prosent som svarte "I svært stor/stor grad"**

### **Får elevane opplæring i bruk av skulebiblioteket?**

Også her er det ein positiv samanheng mellom det å ha plan for skulebiblioteket og korleis opplæringa vert gjennomført. Dei som har plan kan i langt større grad vise til systematisk og integrert opplæring (46 % mot 29 %), medan dei utan slik plan dominerer i kategorien for opplæring på meir tilfeldig grunnlag (51 % mot 34 %).



**Figur 85 Får elevane tilbod om opplæring i bruk av skulebiblioteket? Fordelt etter om skuleeigar eigen plan for skulebiblioteka eller ikkje. Prosent**

#### Oppsummering om plan som indikator for kvalitetar ved skulebibliotek.

Ut frå dette meiner vi at ein kan hevde at det at skuleeigar har eller ikkje har utarbeidd eigen plan for skulebiblioteket vil kunne vere ein nyttig indikator for å drøfte både kvalitet og innhald i/ved skulebiblioteket. Vi har her sett at dei som har slik plan skil seg klart frå dei som ikkje har om vi testar dette ut i forhold til mange sentrale påstandar. Dette held seg opp også når vi korrigerer for skulestorleik og bibliotekpersonalet sin fagkompetanse.



## Litteratur, eksterne datakilder og referansar

ABM-Utvikling (2005) Bibliotekstatistikk. <http://www.abm-utvikling.no/prosjekter/Interne/Bibliotek/statistikk/Folkebibliotek/index.html>


Nasjonalt læremiddelsenter (1997): Skolebibliotek i grunnskolen – en kartlegging. Rapport utført for Nasjonalt læremiddelsenter av BRODD

SSB Statistikkbanken (2006/2007): Utdanningsdata

Westeren, Knut Ingar (2006): Analyser av kostnader innen videregående opplæring. Arbeidsnotat, Høgskolen i Nord-Trøndelag Foreløpig utgåve. Lasta ned frå nettet. [http://www.lu.no/files/RAP\\_VGO\\_februar.doc](http://www.lu.no/files/RAP_VGO_februar.doc)



## Vedlegg: Spørjeskjema



### Spørreskjema Kartlegging av skolebibliotek i Norge

Vi vil med dette invitere dere til å delta i gjennomføring av "Kartlegging av skolebibliotek i grunnskole og videregående opplæring". Spørreskjemaet sendes til alle landets grunnskoler og videregående skoler,

Vi ønsker at skjemaet skal besvares av skolebibliotekansvarlig, rektor, lærere og elever. I separat e-post til skoleleder/rektor er det orientert om gjennomføringsprosedyren, bl.a. om hvordan man skal gå frem for å velge ut lærere og elever til å delta.

Skjemaet fylles ut direkte via Internett. Man kan bruke retningstastene i skjemaet for å manøvrere frem og tilbake i skjemaet uten å miste informasjon. I og med at skjemaet skal besvares av flere personer fra hver skole, er det svært viktig at man fullfører utfyllingen når man har startet.

Spørsmålene er utformet med tanke på at man skal kunne svare uten å måtte ha spesiell bakgrunnsinformasjon tilgjengelig

*Vi gjer merksam på at spørjeskjemaet var tilpassa dataskjermvisning og granskinga vart gjennomført over Internett. Vi laut difor tilpasse skjemaet for å høve inn i A4-formatet. Dette betyr at skjemaet vi her viser har same ordlyd og samesvaralternativ som det originale, men at layout vert noko annleis.*

*Vidare var det slik at dei ulike gruppene som skulle svare til ei viss grad fekk ulike spørsmål. Her har vi vist dette gjennom å skrive i parentes, etter spørsmålet, kven som skulle svare på spørsmålet.*

*Skjemaet vart sendt ut med høve til å velje språk (bokmål eller nynorsk). Av praktiske årsaker nyttar vi her bokmålsversjonen.*

- 1 Hva heter skolen der du arbeider/er elev?
- 2 I hvilket fylke ligger skolen?  
- Velg svaralternativ (ut fra liste over alle fylkene i Norge)
- 3 I hvilken kommune ligger skolen?  
- Velg svaralternativ (ut fra liste over alle kommunene i Norge)
- 4 Ligger skolen i:
  1. Sentrumsbydelen i en bykommune
  2. Annen bydel/forstad i en bykommune
  3. Kommunesenteret i en landkommune
  4. Annet tettsted i en landkommune
  5. Utenfor tettsted i en landkommune
- 5 Hvilket skoleslag arbeider du ved/er du elev ved?
  1. Grunnskole
  2. Videregående
- 5a Hvilken type grunnskole? (for de som svarte alt. 1 på spsm 5)
  1. Barne- og ungdomsskole (1. til og med 10. årstrinn)
  2. Barneskole (1. til og med 7. årstrinn)
  3. Ungdomsskole (8. til og med 10. årstrinn)
  4. Annet, spesifiser her:
- 5b Hvilken type videregående? (for de som svarte alt. 2 på spsm 5)
  1. Kombinert allmenn og yrkesfaglig
  2. Allmennfaglig
  3. Yrkesfaglig
  - 4.
- 6 Er skolen fådelt?
  1. Ja
  2. Nei
- 7 Hva er din funksjon (stilling) på skolen? (dersom du i tillegg til å være skolebibliotekansvarlig også har andre funksjoner, så krysser du her av for skolebibliotekansvarlig)
  1. Ansvarlig for skolebiblioteket
  2. Skoleleder/rektor
  3. Lærer
  4. Elev
- 7a Har du også andre funksjoner på skolen? (for de som svarte alt. 1 på spsm 7)
  1. Nei
  2. Skoleleder/rektor
  3. Inspektør
  4. Ansatt i administrativ stilling
  5. Lærer



- 8 Hvor stor er andelen fremmedspråklige ved deres skole? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7)
1. Ingen fremmedspråklige
  2. 1 - 5 %
  3. 6 - 10 %
  4. 11 - 15 %
  5. 16 - 20 %
  6. 21 - 25 %
  7. 25 - 30 %
  8. Over 30 %
- 9a Hvilket trinn går du på dette skoleåret? (for de som svarte alt. 1 på spsm 5 og alt. 4 på spsm 7)
1. 5. årstrinn
  2. 6. årstrinn
  3. 7. årstrinn
  4. 8. årstrinn
  5. 9. årstrinn
  6. 10. årstrinn
- 9b Hvilket trinn går du på dette skoleåret? (for de som svarte alt. 2 på spsm 5 og alt. 4 på spsm 7)
1. 1. årstrinn
  2. 2. årstrinn
  3. 3. årstrinn
- 9c Hvilket programområde? (for de som svarte alt. 2 på spsm 5 og alt. 4 på spsm 7)
1. Programområde for realfag
  2. Programområde for språkfag
  3. Programområde for samfunnsfag og økonomi
  4. Programområde for formgivingsfag
  5. Utdanningsprogram for musikk, dans og drama
  6. Utdanningsprogram for idrettsfag
  7. Yrkesfaglig utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk
  8. Yrkesfaglig utdanningsprogram for elektrofag
  9. Yrkesfaglig utdanningsprogram for helse- og sosialfag
  10. Yrkesfaglig utdanningsprogram for medier og kommunikasjon
  11. Yrkesfaglig utdanningsprogram for naturbruk
  12. Yrkesfaglig utdanningsprogram for restaurant- og matfag
  13. Yrkesfaglig utdanningsprogram for service og samferdsel
  14. Yrkesfaglig utdanningsprogram for design og håndverk
  15. Yrkesfaglig utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
- 10 Er du mann eller kvinne?
1. Mann
  2. Kvinne
- 11 Hvilket år er du født? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7)  
- Velg svaralternativ (på skala fra 1936 til 1986)

## Om skolebiblioteket

- 12 Er det skolebibliotek på din skole?  
1. Ja  
2. Ja, vi har skolebiblioteket som kombinasjonsbibliotek med folkebiblioteket  
3. Nei
- 12a Dersom skolen ikke har eget skolebibliotek, hvordan blir bibliotekfunksjonen organisert på din skole? ? (for de som svarte alt. 1 eller 2 på spsm 7 og alt. 3 på spsm 12)  
1. Vi bruker kommunens folkebibliotek som skolebibliotek  
2. Vi bruker andre bibliotek (f.eks. Høyskolebibliotek e.l.) som skolebibliotek?  
3. Vi har annen organisering av skolebibliotekfunksjonen
- 12b Kunne du beskrive hvordan dere har organisert skolebibliotekfunksjonen? (for de som svarte alt. 3 på spsm. 12a):  

---
- 13 Har skoleeier egen plan for skolebibliotekene? ? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 14 Har skoleeier innkalt skolelederne til møte der skolebibliotek har vært tema? ? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 15 Har skoleeier arrangert fellesmøter for de skolebibliotekansvarlige i fylket? ? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7 og 2 på spsm. 5)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 16 Har skoleeier arrangert fellesmøter for de skolebibliotekansvarlige i kommunen? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7 og 1 på spsm. 5)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 17 Har de skolebibliotekansvarlige i kommunen et eget forum? ? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7 og 1 på spsm. 5)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 18 Har de skolebibliotekansvarlige i fylket et eget forum? ? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7 og 2 på spsm. 5)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 19 Har det blitt diskutert hvordan skolen skal forholde seg til de tiltakene som gjelder skolebibliotek i forbindelse med tiltaksplanen 'Gi rom for lesing'? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7 og 2 på spsm. 12)  
1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke
- 20 Har skolen fulgt opp noen av tiltaka i 'Gi rom for lesing'? (for de som svarte alt. 1, 2 eller 3 på spsm 7)

1. Ja 2. Nei 3. Vet ikke

- 20a Hvis ja, hvilke områder? (for de som svarte alt. 1 på spsm 20)
1. Har startet prosjekt eller utviklingsarbeid som aktivt inkluderer skolebiblioteket
  2. Har egen `Plan for lesing` som inkluderer bruk av skolebibliotek
  3. Samarbeid mellom skolebibliotek og kultursektor om litteraturformidling
  4. Tilbud om videre- og etterutdanning innen skolebibliotek
  5. Skolen er involvert i nettverk for lesing, leselyst og skolebibliotek
  6. Det er samarbeid mellom skolebiblioteket og folke- og fylkesbibliotek
  7. Deltar på regionale konferanser som fokuserer på skolebibliotek
  8. I forbindelse med innkjøp av bøker
  9. Engasjert i litteraturformidling
  10. Andre områder/tiltak
- 
- 

**Til skoleleder** (spørsmålene her rettet til de som svarte alt. 2 på spsm. 7)

- 21 Når ble du ansatt som skoleleder ved denne skolen?  
- Velg svaralternativ (skala fra 2006 til 1985/tidligere)
- 22 Hva er din utdanningsbakgrunn?
1. Lærerutdanning
  2. Annen høyskoleutdanning
  3. Universitetsutdanning
  4. Annen bakgrunn
- 22b Kunne du beskrive din bakgrunn nærmere? (for de som svarte alt. 4 på spsm. 22)
- 
- 23 Hvor mange elever er det ved din skole i inneværende år?
- 
- 24 Hvor mange lærerårsverk er det ved din skole i dette skoleåret?
- 
- 25 Hvor mange timer per uke utgjør den samlede personalressurs avsatt til skolebibliotekarbeid? (En time tilsvarer 60 minutter)
- 

---

---

**Til skolebibliotekansvarlig** (spørsmålene her rettet til de som svarte alt. 1 på spsm. 7)

- 26 Når ble du skolebibliotekansvarlig ved denne skolen?  
- Velg svaralternativ (skala fra 2006 til 1985/tidligere)

- 27 Hva er din utdanningsbakgrunn?
1. Fagutdannet bibliotekar (3-årig høyskoleutdanning eller tilsvarende)
  2. Fagutdannet bibliotekar og lærer
  3. Fagutdannet bibliotekar med pedagogisk tilleggsutdanning
  4. Lærer med videreutdanning i bibliotek- og informasjonsfag
  5. Lærer med videreutdanning i skolebibliotekkunnskap
  6. Lærer uten bibliotekfaglig tilleggsutdanning
  7. Ikke faglært lærer/bibliotekar
- 28 Er du heltids- eller deltidsansatt som skolebibliotekansvarlig?
1. Heltids skolebibliotekansvarlig
  2. Deltids skolebibliotekansvarlig
- 29 Hvor stor stillingsprosent har du som skolebibliotekansvarlig?
- 
- 29a Hvor stor stillingsprosent har du som skoleleder/rektør? (for de som svarte alt. 2 på spsm. 7a)
- 
- 29b Hvor stor stillingsprosent har du som inspektør? (for de som svarte alt. 3 på spsm. 7a)
- 
- 29c Hvor stor stillingsprosent har du som lærer? (for de som svarte alt. 4 på spsm. 7a)
- 
- 29d Hvor stor stillingsprosent har du som administrativt ansatt? (for de som svarte alt. 5 på spsm. 7a)
- 
- 30 Hvor mange timer per uke utgjør den samlede personalressurs avsatt til skolebibliotekarbeid? (En time tilsvarer 60 minutter)
- 
- 31 Ligger funksjonen som skolebibliotekansvarlig fast til din stilling? (for dem som svarte alt. 2, 3, 4 eller 5 på spsm. 7a)
1. Ja
  2. Nei
  3. Vet ikke
- 31a Hvordan blir da ansvarlig for skolebiblioteket valgt ut? (for de som svarte alt. 2 på spsm. 31)
1. Oppgaven blir lyst ut internt som tillegg til ordinær stilling
  2. Oppgaven blir lyst ut internt men går inn i ordinær stilling
  3. Oppgaven går på omgang blant de ansatte
  4. Annet
- 32 Er det flere enn deg selv som arbeider ved skolebiblioteket?
1. Ja
  2. Nei
- 
-

**Til lærere** (spørsmålene her rettet til de som svarte alt. 3 på spsm. 7)

33 Hvor mange år har du arbeidet som lærer?  
- Velg svaralternativ (skala fra 1 til 20/lenger)

34 Når ble du ansatt ved denne skolen? (skala fra 2006 til 1985/tidligere)  
- Velg svaralternativ

35 Er du  
1. Fast ansatt i full stilling?  
2. Fast ansatt i deltidsstilling?  
3. Midlertidig ansatt i full stilling?  
4. Midlertidig ansatt i deltidsstilling?

35a Hvor stor er din stillingsprosent? (for de som svarte alt. 2 eller 4 på spsm. 35)

---

36 Hva er din utdanningsbakgrunn?  
1. Lærerutdanning  
2. Annen høyskoleutdanning  
3. Universitetsutdanning  
4. Annen bakgrunn

36a Kan du beskrive din utdanningsbakgrunn? (for de som svarte alt. 4 på spsm. 36)

---

37 Bruker du skolebiblioteket i dine forberedelser til undervisningen?  
1 Ja, ofte 2 Ja, av og til 3 Nei

38 Trekker du skolebiblioteket aktivt inn i forberedelsen av undervisningen? For de som svarte alt. 1 eller 2 på spsm. 37)

	I svært stor grad	I stor grad	I noen grad	I liten grad	I svært liten grad
1 Jeg benytter meg av bibliotekets ressurser på egen hånd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
2 Jeg samarbeider med bibliotekets personale om å finne bakgrunnsstoff	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
3 Jeg samarbeider aktivt med bibliotekets personale om planlegging av det pedagogiske opplegget	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

39 I hvilken grad bruker du skolebiblioteket i de enkelte fag du underviser i? (Kryss av for alle fag, for de fag du ikke underviser i velger du alternativet 'Underviser ikke i faget') (for de som svarte alt. 1 på spsm. 5)

I svært I høy I noen I liten Ikke i Under-

	høy grad	grad	grad	grad	det hele tatt	viser ikke i faget
1 Norsk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
2 Matematikk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
3 KRL	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
4 Naturfag	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
5 Engelsk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
6 Andre språk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
7 Samfunnsfag	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
8 Kunst og håndverk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
9 Musikk	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
10 Mat og helse	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
11 Kroppsøving	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
12 Programfag til valg	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

40 I hvilken grad bruker du skolebiblioteket i de enkelte fag du underviser i? (Kryss av for alle fag, for de fag du ikke underviser i velger du alternativet 'Underviser ikke i faget') (for de som svarte alt. 2 på spsm. 5)

	I svært høy grad	I høy grad	I noen grad	I liten grad	Ikke i det hele tatt	Under- viser ikke i faget
